



HAREID KOMMUNE



HANDLINGSPROGRAM 2015-2018

**ÅRSBUDSJETT 2015
ØKONOMIPLAN 2016-2018
Kommentarer og tal**



**Kommunestyret sitt vedtak
PS x i kommunestyret x
- dokumentet er endra etter gjeldande vedtak -**

1	Rådmannen si innleiing:	3
1.1	Kommunen som samfunnsutviklar:.....	3
1.2	Kommunen som tenesteprodusent:.....	3
1.3	Kommunen som arbeidsgjevar:	4
1.4	Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet:	4
1.5	Viktige suksessfaktorar:	5
1.6	Rådmannen sine framlegg til tiltak.....	5
2	Økonomi.....	7
2.1	Økonomisk status.....	7
2.2	Budsjettprosessen.....	8
3	Økonomiske perspektiv	10
3.1	Kapitalkostnader	10
3.2	Perspektiv på lånegjeld (investeringslån)	11
3.3	Pensjonskostnader.....	12
3.4	Eigedomsskatt.....	12
3.5	Frie inntekter	14
3.6	Produktivitet	15
3.7	Statsbudsjettet	15
3.8	Finansiering av kommunesektoren (2011).....	15
3.9	Befolkningsprognoser.....	17
3.10	Forpliktande plan for inndecking av meirforbruk	18
4	Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2016 – 2018 – DRIFT	19
4.1	Driftsbudsjett	19
5	Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2016 – 2018 – investering ..	23
5.1	Investeringsbudsjett	23
6	Sektor for sentraladministrasjonen	27
6.1	Sektorstruktur.....	27
6.2	Årsverk og driftstiltak	28
6.3	Politisk styring og kontroll	29
6.4	Sentraladministrasjonen	30
6.5	Overordna målsettingar	34
7	Sektor for oppvekst	40
7.1	Sektorstruktur	40
7.2	Årsverk og driftstiltak	40
7.3	Overordna målsettingar	43
8	Sektor for velferd	45
8.1	Sektorstruktur	45

8.2	Årsverk og driftstiltak	47
8.3	Overordna målsettingar	50
9	Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling	57
9.1	Sektorstruktur	57
9.2	Årsverk og driftstiltak	57
9.3	Overordna målsettingar	60
10	Sektor for kommunalteknisk drift	63
10.1	Sektorstruktur	63
10.2	Årsverk og driftstiltak	64
10.3	Overordna målsettingar	66

1 RÅDMANNEN SI INNLEIING:

Som kjend er Hareid kommune inne på Robek-lista. Og dette vil vere situasjonen heilt til alt tidlegare akkumulert og eventuelt framtidig underskot på rekneskapen er dekt inn. Pr. 31.12.2013 var det akkumulerte underskotet på om lag 15,88 mill. kroner, etter å ha disponert eit mindreforbruk i 2013 til delvis inndekning av tidlegare akkumulert meirforbruk. Situasjonen er såleis enno utfordrande både for politikarane og tilsette i Hareid kommune, sidan det fortsatt er ein veg å gå, før kommunen er ferdig å dekke inn tidlegare meirforbruk. Det fins ingen snarveg ut av denne situasjonen, men vi ser at langsiktig og målretta arbeid for å stabilisere kommuneøkonomien, har resultert i at kommunen for kvart år sidan 2010, har forbetra dei økonomiske resultatane. Utfordringa er i første rekke å syte for at tenesteproduksjonen i handlingsprogramperioden, og då primært i den perioden då tidlegare års underskot skal dekkast inn, ikkje vert for sterkt skadelidande. Denne oppgåva er krevjande at ein må rekne med at utviklinga av Hareidsamfunnet kan verte påverka i negativ retning i denne perioden. Det kan vere vanskeleg å drive eit godt utviklingsarbeid og dekke inn gammalt driftsunderskot samstundes. Særleg ikkje når det er grunn til å legge til grunn at fylkesmannen vil legge sterke restriksjonar på kommunen sitt høve til å ta opp nye lån, også dei komande to åra.

Rådmannen leverer også denne gongen eit saldert budsjett i balanse, slik kommunelova krev. Men sidan kommunen har Robek-status er dette ikkje nok. I tillegg er rådmannen forplikta til å legge fram ei sak om "forpliktande plan" til kommunestyret sitt budsjettmøte i desember. Budsjett og forpliktande plan skal vedtakast i same kommunestyremøte og det må vere samanheng mellom dei strategiske vala i forpliktande plan og dei taktiske planane i handlingsprogrammet. Ein forpliktande plan skal vise naudsynte tiltak i høve det å kunne oppnå tilstrekkeleg rekneskapsmessig netto driftsresultat i kommunen.

1.1 Kommunen som samfunnsutviklar:

Kommunen har ei viktig rolle som utviklar av Hareidsamfunnet. Noko av dette speglast direkte av budsjett og handlingsprogram, eksempelvis gjennom løyvingar til viktige samfunnsmessige funksjonar som skule, barnehage, helse, omsorg og teknisk infrastruktur. Men også gjennom vårt arbeid elles, som tenesteprodusent, og gjennom det å vere ein stor arbeidsgjevar i kommunen, vert vi ein viktig premissleverandør til samfunnsutviklinga.

Som rådmann er det mitt mål, trass i dei avgrensingane som økonomien vil sette, at kommunen skal være ein utviklar, ein tilretteleggar og ein samarbeidspartner for resten av Hareidsamfunnet. Gjennom samspel mellom kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar og anna frivillig arbeid, kan gode løysingar skapast.

1.2 Kommunen som tenesteprodusent:

Utfordringa framover vert at brukarmedverknad skal bli ein naturleg del av tankegangen til alle oss som er kommunalt tilsette. Berre gjennom å produsere gode tenester, og i godt samarbeid med brukarane våre, kan vi skape legitimitet som organisasjon.

Brukarundersøkingar som metodikk, skal innførast i 2015 og vidareførast i komande år av handlingsprogrammet.

Vårt hovudmål er å verte ei endå meir profesjonell og serviceretta kommune. Vidare at kvar einskild tilsette gir ei kvalitativt god teneste i dei daglege møta med brukarane i kommunen. Ei ekstra utfordringa vil vi møte i dei tronge økonomiske rammene og vår status som ROBEK-kommune.

1.3 Kommunen som arbeidsgjevar:

Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs og skal ha fokus i høve dette. Rådmannen erfarer at mange tilsette i kommunen opplever høg grad av belastning i arbeidet i ein krevjande kvardag. Det vil være ei målsetting å møte denne utfordringa med ein aktiv personalpolitikk og god leiing.

Utfordringa framover finn vi først og fremst på to felt:

- Dei tilsette må få gode mulegheiter til å utvikle seg i jobben sin. Dette inneberer både å legge til rette for kompetanseutvikling, men og til å organisere tenesta slik at ein får interessante arbeidsoppgåver og variasjon i dagane. Dette vil være eit svært viktig konkurransefortrinn for å kunne rekruttere og halde på fagfolk framover.
- Fokus på grad av nærvær i arbeidet må fortsatt aukast. Høgt sjukefråvær kostar både økonomisk og menneskelig og det ligg ei betydeleg oppside i det å arbeide for å legge til rette for at dei tilsette skal trivast i arbeidet, slik at terskelen for å vere borte frå arbeidet skal kunne hevast. Alt sjølv sagt, slik at dei rette omsyn, både til den tilsette, dei nære kollegaene og brukarane, vert tekne i vare. Dersom ein manglar fokus på dette viktige området, kan ein elles erfare ein vond sirkel, der presset på dei som er tilbake på jobb, blir så stort at og dei vil stå i fare for å verte sjukmelde. Arbeidet med fortsatt fokus på nærvær vert forsterka. Metodikk for systematiske medarbeidarundersøkingar skal innførast i 2015 og vil bli vidareført i åra som kjem.

1.4 Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet:

Mål 1 - Hareid ut av ROBEK. Få balanse mellom budsjett og rekneskap – betre økonomistyring.

- Ein vil i arbeidet med budsjettkontrollane både ha fokus på kortsiktige tiltak som kan ta ned kostnadane, og på sterk kostnadskontroll, slik at ein ikkje får overraskingar på slutten av året. Med eit overforbruk over tid, slik som Hareid har hatt, krevjast det driftsmessige tiltak for å oppnå balanse. Men ei styrking av ressurs situasjonen på økonomisida er sterkt etterspurd og naudsynt. Rådmannen finn ikkje rom for å foreslå ei styrking av budsjettet for økonomifunksjonen, ut over noverande nivå, men vil arbeide for at dei tilgjengelege ressursane vert nytta på beste måte. Andre viktige tiltak, som er lettare tilgjengeleg innanfor det økonomiske handlingsrommet vårt, er generell styrking av kompetansen i organisasjonen i bruk av eksisterande rapporteringssystem og programvare, samt innføring av supplerande programvare for bruk lokalt i einingane si økonomistyring. Utfordringa her vert snarare tilgang på kapasitet og kompetanse hjå fag- og ressurspersonar.

Mål 2 – Starte oppbygging av disposisjonsfond i handlingsprogramperioden 2017 – 2018 og legge grunnlaget for driftsmessig rom for eigenkapital til investeringar i framtida, samt å legge grunnlag for ein økonomisk buffer i driftsbudsjettet. Oppbygging av disposisjonsfond kan ikkje starte før akkumulert meirforbruk er dekt inn.

- Som ROBEK-kommune er jobb nummer ein å oppnå berekraftig økonomisk balanse. I ein slik situasjon ligg normalt oppbygging av vesentlege disposisjonsfond eit stykke inn i framtida. Men når meirforbruket frå tidlegare år er dekt inn, er det avgjerande at ein opprettheld eit overskot, slik at ein har økonomisk handlefridom framover. Dette vil på sikt, både kunne bidra til at låneopptak vert reduserte (ved at en har eigenkapital til investeringar), og at ein har økonomisk buffer til å takle uføresette situasjonar. Gitt Hareid kommune sin situasjon er dette ei langsiktig oppgåve. I handlingsprogramperioden vert det, i rådmannen sitt framlegg, lagt opp til at ein ikkje skal auke lånegjelda i den perioden kommunen er i ROBEK. Dette vil lett kunne føre

til eit akkumulert investeringsbehov, som nok vil vise igjen i første året etter at akkumulert meirforbruk er dekt inn

- Mål 3 – utvikle styringsdokument som sikrar måloppnåing av dei økonomiske måla, nemnt ovanfor.
- Budsjett og handlingsprogram bør spegle dei reelle utfordringane. Grunna dei vanskelege økonomiske rammevilkåra ser ein ofte at dei same tiltaka vert melde inn år etter år. Ofte er dette reelle og allereie etablerte innsatsfaktorar, som ein i ein viss grad ikkje kan velje bort. Og det som ikkje kan veljast bort i den verkelege drifta, bør ein heller ikkje velje bort i budsjettarbeidet. Resultatet blir i så fall eit lite realistisk budsjett og eit skeivt bilete av dei verkelege utfordringane. Så langt som muleg, har ein forsøkt å etterleve dette prinsippet i styringsdokumentet som no vert lagt fram. I tillegg tek ein sikte på at ein ikkje skal auke lånegjelda i den perioden kommunen er på ROBEK-lista. I praksis vil det seie at kommunen ikkje bør gjere nye låneopptak som overstig avdrag på allereie etablert lånegjeld i dei åra då kommunen skal dekke inn akkumulert underskot. På den måten sikrar ein at kommunen ikkje pådrar seg auka finanskostnader, gitt nokolunde stabil lånerente.

1.5 Viktige suksessfaktorar:

Skal ein lykkast med å få økonomien på fote, må ein ha dei tilsette med i prosessen. Det er naudsynt å få til samarbeid og samhandling, både på forslag til tiltak, og i gjennomføringa av tiltak. Vi må få til gode prosessar, med medverknad på alle nivå, det være seg i politiske fora, i møte mellom rådmannen og hovudtillitsvalde, og ute i den einskilde eininga.

Leiing er eit område av kritisk art, og det er heilt naudsynt å ha fokus på leiing om ein skal lykkast med å drifte Hareid kommune på ein best muleg måte. Det skal leggjast opp til å etablere eit heilskapleg styringssystem der resultatbasert leiing er grunnpilaren. For å få til det må ein etablere tette rapporteringar frå den einskilde eininga, og at einingar med særskilte utfordringar følgjast tett opp frå rådmannens si leiargruppe. Tydelege, resultatfokuserte og tilstadeverande leiarar vert eit sentralt punkt.

Rådmannen ynskjer å rose fagforeiningane, for at dei både stiller opp i prosessar, og bidrar konstruktivt til dei gode løysingane.

Og ikkje minst: Vi må jobbe både kort- og langsiktig. Det tar tid å gjennomføre større tiltak, og i mellomtida må vi leve med stramme budsjett. Målet er at dei tiltaka vi gjennomfører skal gi effekt etter kvart.

1.6 Rådmannen sine framlegg til tiltak

Rådmannen har i sine framlegg til budsjett, hatt fokus på utvikling av Hareid kommune, innanfor dei økonomiske rammene og det regimet som eksisterer i ROBEK. Dette er avgjerande for at Hareid kommune skal kunne leve med og kome ut av ROBEK, samstundes som kommunen skal vere ein god plass å bu i. Det er krevjande å være offensiv i utbygging av nødvendig infrastruktur og samtidig redusere kommunen sitt driftsnivå for å kunne etablere ein berekraftig økonomi. Vi kan ikkje rekne med å klare begge deler på ein gong. Det er derfor, i rådmannen sitt framlegg, ikkje tatt høgde for investeringar som krev gjennomsnittleg låneopptak ut over årleg nedbetaling av gjeld, etter at det er korrigert for mva-kompensasjonen.

På driftssida har det på langt nær vore muleg å ta omsyn til alle innmelde tiltak. Og det skal ein nok heller ikkje gjere. Ein har difor vald å i hovudsak inkludere det som

handlar om oppretting av feilbudsjetteringar samt dei høva der ein veit at kostnadane vil kome likevel. Trass i dette vil ein i nokre budsjettår oppleve at behovet for

driftsmidlar vil sprengje inntektsramma. Dette er det ikkje høve til og det må følgjeleg skje eit kutt slik at kostnader og inntekter samsvarar.

2 ØKONOMI

2.1 Økonomisk status

Hareid kommune har hatt ei positiv rekneskapsmessig utvikling i rekneskapsåra etter 2010, sjølv om vi først såg eit mindreforbruk i drifta i rekneskapsåret 2013. For å få det rette bildet av kommunen sin eigentlege økonomiske status, er det naudsynt å korrigere for inntekter som ikkje har noko med sjølve drifta av kommunen å gjere. Vi må også vere klar over at dette er inntekter som allereie er, eller vil bli fasa ut. Når vi korrigerer for desse inntektene vil vi sjå at det eksisterande driftsnivået ikkje har vore og heller ikkje vil bli berekraftig innanfor planleggingsperspektivet. I denne samanhengen vil tabellen «korrigert netto driftsresultat i %» kunne vere illustrerende.

Netto driftsresultat (NDR) er eit omgrep som blir mykje nytta for å vise kva kommunen sit att med av driftsinntekter når alle driftsutgifter, inkludert netto renteutgifter og låneavdrag er trekt frå. Netto driftsresultat kan anten nyttast til finansiering av investeringar eller fondsavsettast av til seinare bruk i driftsbudsjettet. I følge «Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal drift» bør netto driftsresultat over tid ligge på om lag 3% av driftsinntektene.

Netto driftsresultat for Hareid har vore følgjande ved dei tre siste avslutta rekneskapsåra:

2010: 7,240 mill. kroner (negativt NDR)

2011: 0,672 mill. kroner (negativt NDR)

2012: - 3,629 mill. kroner (positivt NDR)

2013: - 4,073 mill. kroner (positivt NDR)

	2010	2011	2012	2013
Netto driftsresultat	7 240	672	-3 629	-4 073
Driftsinntekter	-267 146	-280 704	-308 936	-328 932
Netto driftsresultat i % av driftsinntekene	-2,71	-0,24	1,17	1,24



Utviklinga i NDR har vist ei god utvikling i denne perioden, sjølv om ein enno ikkje kan seiast å ha nådd idealmålet.


Men om ein ser bak rekneskapsresultata og korrigerer for inntekter som ikkje høyrer til sjølve drifta av kommunen, vil ein få eit meir reelt bilete av kommunen sin økonomiske berekraft. Premieavvik på pensjonskostnader, mva-kompensasjon frå investeringar (utfasa frå og med 2014) og fondsavsetningar er døme på dette. Ved å korrigere dei historiske rekneskapsresultata for dei siste fem rekneskapsåra, vil ein kunne få fram eit bilete av berekrafta i kommunen sin økonomi.

I figuren nedanfor er det korrigeret for verknaden av premieavviket, som ofte vil vere den dominerande enkeltfaktoren i høve «inntekter» som ikkje er driftsrelaterte. Kommunen har heller ikkje høve til å påverke denne faktoren på anna måte enn å bokføre den reelle pensjonskostnaden kvart år.

Sidan det berre er premieavviket som det er korrigeret for nedanfor, vil ikkje oppsettet vere heilt dekkande for situasjonsbiletet. Mellom anna vil momskompensasjonsinntekter frå investeringar, gjere at framstillinga av korrigeret NDR for åra 2013 og bakover, er for godt i høve det som det eigentleg har vore. Tidlegare har det nemleg vore høve til å bruke momskompensasjon frå investeringar til driftsføremål. Noko som eigentleg har vore ei lånefinansiering av drifta. Denne ordninga vart ferdig utfasa 31.12.2013. I røynda har kommunen difor gjort ein endå betre jobb i høve den økonomiske utfordringa som låg føre, enn det som grafen viser.

Netto driftsresultat, korrigeret for verknaden av premieavviket, men inkludert inntekter frå eigedomsskatt i 2014.

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Netto driftsresultat	2 044	8 922	-119	2 703	-4 145	-3 665
Driftsinntekter	-261 752	-267 146	-280 936	-308 936	-328 932	-336 437
Netto driftsres. i % av dr.innt.	-0,78	-3,34	0,04	-0,87	1,26	1,09



Uansett vert det, framover i planperioden, all grunn til å vere merksam på bortfall eller reduksjon av inntekter som ikkje har noko med kommunedrifta å gjere. I tillegg bør ein rekne med auke i kapitalutgifter og pensjonskostnader, samt eit behov for å bygge opp eit disposisjonsfond. Rådmannen har i det høvet funne det naudsynt å gjere framlegg om auke i eigedomsskatteinntektene, for å redusere behovet for større driftsreduksjonar. Situasjonen er ikkje spesiell for Hareid kommune sin del, sjølv om kommunen er ei kommune med eit inntektsnivå som ligg under landsgjennomsnittet. Dei aller fleste norske kommunar bokfører inntekter, som ein på eit tidspunkt må rekne med vil falle bort.

2.2 Budsjettprosessen

Hareid kommune har rammebudsjettering på både politisk og administrativt nivå. Kommunestyret vedtar budsjettamme på kvar sektor og på kvar driftseining i sektorane. Det har dei siste åra vore gitt opning for at sektorleiar (kommunalsjef / rådmann) kan gjere

naudsynte justeringar mellom driftseiningane i sin sektor, men då innanfor totalramma til sektoren. Rådmannen gjer detaljbudsjettering på dei einskilde budsjettpostane og dei

budsjettansvarlege har mynde til å gjere justeringar mellom budsjettpostar innanfor si eiga driftsramme. Dette er med på å fremje ansvarlegheit hjå dei einskilde leiarane og gi eit godt grunnlag for at einingsleiaren får eit eigartilhøve til sitt ege budsjett.


Grunnlaget for budsjettframlegget for 2015 og handlingsprogrammet 2016 – 2018, er eit løns- og prisjustert budsjett pluss eventuelle nye innmelde tiltak. Nye tiltak kan innebere anten kostnadsauke og kostnadsreduksjon i høve gjeldande budsjett, men det er nok ei kjensgjerning at tiltaka som inneheld kostnads-/ aktivitetsauke, som regel vil vere i markant fleirtal. Det er ulike årsaker til dette. Det kan vere politiske reforma som ligg bak, eller det kan vere naudsynte tiltak som har vore innmeld ved tidlegare høve, utan at det har vore funne rom i budsjettet. Dei budsjettansvarlege melder inn framlegg til tiltak gjennom budsjettprosessen og rådmannen prioriterer mellom tiltaka, innanfor tilgjengeleg ramme, i sitt budsjettframlegg til kommunestyret. Alle føresetnader og innmelde tiltak vil ligge i sakstilfanget til den politiske saka og kommunestyret vil såleis få høve til å endre både på budsjettgrunnlaget og på prioriteringane.

3 ØKONOMISKE PERSPEKTIV

3.1 Kapitalkostnader

3.1.1 Renteprognose

Rådmannen har samla fire ulike prognoser for økonomiplanperioden i ein graf.
(kjelde: Bergen Capital Management, BCM)



	RENTEPROGNOSE 2017 - 2018				
	2014	2015	2016	2017	2018
Norges Bank	1,73 %	1,73 %	1,83 %	2,15 %	
Norges Bank 90%	1,73 %	2,84 %	4,14 %	5,04 %	
Marknaden	1,72 %	1,66 %	1,79 %	2,08 %	2,38 %
BCM	1,73 %	2,14 %	2,72 %	3,30 %	3,82 %

Rådmannen si vurdering er basert på eit erfarings- og eit forsiktighetsprinsipp. Hareid kommune si vektta gjennomsnittsrente, låg ved utgangen av 2. tertial 2014 på 2,37%. Dei tilgjengelege prognosane for renteutviklinga er til dels svært sprikande og dersom ein skulle legge seg på SSB si 90% prognose, som er den mest ytterleggåande, ville dette føre til at kommunen måtte budsjettere med svært høge rentekostnader i slutten av handlingsprogramperioden. Som følgje av dette ville ein då måtte budsjettere med større driftskutt og/eller auka inntekter (eigedomsskatt). Det finst dei som seier at marknaden alltid har rett. Det er vel ei sanning med visse modifikasjonar og for å legge inn ei viss varsemd i høve dette, er det nytta eit tverrsnitt av prognosane til marknaden og BCM (Bergen Capital Management).

Rådmannen har vidare lagt til grunn føresetnadane i rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett og lagt inn kapitalkostnader svarande til låneporteføljen i handlingsprogrammet og tverrsnittet av renteprognosane til Marknaden og BCM.

3.1.2 Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter og utbytte er budsjettert til x og samansett av følgjande:

- Aksjeutbytte Tussa 1 400 000 kr
- Renter på bankinnskot 600 000 kr

3.1.3 Lånegjeld

Kommunen har pr. 31.10.2014 om lag 330,8 mill. kr. i ekstern lånegjeld, fordelt på:


- Om lag 20,2 mill. kr. i formidlingslån
- Om lag 310,6 mill. kr. i investeringslån

I tillegg har vi som kortsiktig gjeld:

- 25 mill. kr. i likviditetslån

3.2 Perspektiv på lånegjeld (investeringslån)

Rådmannen presenterer her ein graf som syner forholdet mellom netto lånegjeld pr. innbyggjar og frie inntekter pr. innbyggjar (KOSTRA tal 2010 – 2013).



Rekneskapsår	Frie inntekter i kr/innb.		Netto lånegjeld i kr/innb.	
	Hareid	Landet u/Oslo	Hareid	Landet u/Oslo
2010	33174	35271	57632	39642
2011	40540	42641	58358	41923
2012	43408	45688	59410	44292
2013	46944	47414	60387	46985

Denne grafen syner at Hareid kommune har eit inntektsnivå som ligg lågare enn landsgjennomsnittet og ei lånegjeld i kr/innb., som ligg vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet. Rådmannen meiner at dette tilseier at kommunen bør vise varsemd med å legge opp til ytterlegare auke i lånegjelda, før vi har kome meir på nivå med landsgjennomsnittet. Når vi har eit inntektsnivå som ligg lågare enn landsgjennomsnittet og eit nivå på lånegjelda som ligg vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet, fører dette til at Hareid må bruke ein forholdsvis større del av sine frie inntekter til kapitalkostnader enn det eit fleirtal av norske kommunar gjer. Dermed vert det tilsvarande mindre disponible frie inntekter for bruk til velferdsgode på driftssida.

Varsemdsprinsippet er følgt i rådmannen sitt framlegg til budsjett og handlingsprogram, så langt ein finn det muleg, på den måten at ein ikkje legg opp til høgare låneopptak i gjennomsnitt i handlingsplanperioden, enn det ein betalar i avdrag. På den måten held ein lånegjelda på tilsvarande same nivå som i dag.

I tillegg har kommunen sin Robek-status ført til at fylkesmannen har hatt eit særleg fokus på utviklinga i lånegjelda i Hareid. Kommunen har opplevd at fylkesmannen har vore svært

restriktiv dei to siste budsjettåra og bare gitt løyve til marginale låneopptak. Og då hovudsakelig til investeringsprosjekt innanfor sjølvkostområdet.

3.3 Pensjonskostnader

Kommunal- og regionaldepartementet vil vurdere å redusere amortiseringstida for premieavvik oppstått i 2014 og seinare til sju år. Dette vil i så fall få rekneskapsmessig verknad frå rekneskapsåret 2015. Det betyr i praksis at kommunen sin rekneskapsførte pensjonskostnad vil auke i åra som kjem. Pensjonskostnaden er avhengig av ei rekke faktorar, som både er vanskeleg å føreseie og lite påverkelege. Rådmannen har difor ikkje hatt gode indikatorar til at dette tilhøvet kan takast omsyn til på ein sikker måte. Hareid kommune sitt prognostiserte premieavvik vil vere om lag 25,9 mill. kr. Ved utløpet av rekneskapsåret 2014. Dette vil etter kvart måtte førast som utgift i rekneskapa i åra framover. Pensjonskostnaden auka med 9,5 % i rekneskapsåret 2013. Hovudforklaringa på dette er mellom anna regelendringar der til dømes småstillingar skal meldast inn og bereknast pensjon av, samt at levealdersjusteringa gjer at vi må sette av meir pengar for framtidige utbetalingar. Til sist nemner leverandørane at myndigheitskrav fortsatt fører til at det må gjerast avsetningar i forhold til soliditet. Rådmannen har ikkje lagt inn ytterlegare vekst i pensjonskostnader i økonomiplanperioden, men føresett at dette eventuelt blir kompensert gjennom rammetilskotet.

Status pr. 31.12.2014:

Tal i heile kr.

KOMMUNAL LANDSPENSJONSKASSE (KLP)	31.12.2013	31.12.2012
Netto pensjonskostnad	14 787 033	13 290 441
Pensjonsmidlar	245 308 870	223 392 406
Pensjonsforplikting	309 350 866	279 944 262
Premieavvik	2 164 636	7 009 589
Akkumulert premieavvik	16 405 939	15 904 782
Kjøp av eigenkapitalandelar i året	601 117	550 611
Samla eigenkapitalinnskot	6 407 679	5 806 562
STATENS PENSJONSKASSE (SPK)		
Netto pensjonskostnad	5 088 414	4 861 070
Pensjonsmidlar	53 622 786	52 900 898
Pensjonsforplikting	75 883 166	73 057 633
Premieavvik	-749 737	-621 601
Akkumulert premieavvik	-2 488 191	-1 924 410

3.4 Eigedomsskatt

Hareid kommune innførde eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom, i 2014. Kommunen nytta skatteetaten sin grunnlag for likningsverdi i høve bustader, mens dei andre skatteobjekta vart takserte av kommunen sjølv. Det å kunne nytte skatteetaten sitt grunnlag for likningsverdi inneber at det vert enklare for kommunane, og gjer også at klagehandsaminga i høve dette grunnlaget, vert ei sak mellom innbyggjar og likningsmyndigheiter.

Dersom kommunen på eit tidspunkt skulle velje å innføre eigedomsskatt også på verk og bruk, vil inntekstpotensialet auke monaleg, men det har ikkje vore gjort berekningar i høve dette.

3.4.1 Sosial profil

Senter for økonomisk forskning presenterte i 2010 ein rapport (05/10) som såg på sammenhengen mellom skattyters inntekt / formue og eigedomsskatt på bustader. Konklusjonane i rapporten syner at det i alle utvalskommunar var slik at hushaldningar som betalte eigedomsskatt hadde eit høgare inntektsnivå enn hushaldningar som ikkje betalte eigedomsskatt. Det var og slik at eigedomsskatten steig med aukande inntektsnivå. Hushaldningar med berre einslege skil seg ut med låg eigedomsskatt. Einslege minstepensjonistar har eigedomsskatt på same nivå som, eller lågare, enn øvrige hushaldningar som består av berre ein person.

Rapporten dokumenterer og at bruk av botnfrådrag bidreg til å forsterke konklusjonane ovanfor. Botnfrådrag bidreg til at skatten vert redusert relativt meir for eigedommar med låg takst, enn for eigedommar med høg takst. Ulempa med botnfrådrag er at det i praksis inneber skattefritak for eigedommar med låg verdi, slik at færre hushaldningar bidreg til finansiering av kommunen si verksemd. Hareid kommune har i 2014 ikkje botnfrådrag. Forskinga nyanserer og dementerer langt på veg myten om at eigedomsskatt er ein usosial skatt. Tvert i mot syner resultata at kommunar som har ferske takseringar får ein god profil på eigedomsskattlegginga.

3.4.2 Eigedomsskatt i kommunane

Det er i år 341 av Norges 428 kommunar som nyttar seg av eigedomsskatt. Av desse har 199 kommunar eigedomsskatt i heile kommunen, mot 177 kommunar i fjor. Kommunane fikk til saman 8,9 milliard i inntekt frå denne skatten i 2013. Dette er ei auke på om lag 10 prosent frå 2012.

3.4.3 Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter


(kjelde: Utviklinga i kommuneøkonomien - Møre og Romsdal – 2013 Fylkesmannen i Møre og Romsdal / KOSTRA SSB)

Eit oversyn over kva eigedomsskatten har å seie for inntektsnivået, er sett opp mot eit gjennomsnitt av fylket og landet u/Oslo er vist nedanfor.

Brutto driftsinntekter (1000 kr)	2011	2012	2013
Hareid	289585	317480	338337
Møre og Romsdal	17360355	18586408	19606382
Landet u/Oslo	285476989	306019966	322598413

Eigedomsskatt (1000 kr)	2011	2012	2013
Hareid	0	0	0
Møre og Romsdal	510780	566600	644639
Landet u/Oslo	7569994	8075909	8875819

Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter	2011	2012	2013
Hareid	0,0	0,0	0,0
Møre og Romsdal	2,9	3,0	3,3
Landet u/Oslo	2,7	2,6	2,8




3.5 Frie inntekter

(Kjelde KOSTRA / SSB)

Hareid har eit relativt lågt inntektsnivå sett opp mot eit utval av grupper det kan vere naturleg å samanlikne seg med. Eit mykje brukt omgrep som er nytta for å kunne samanlikne inntektsnivået mellom kommunar er «frie inntekter i kr. / innbyggjar».

Frie inntekter i kr. / innbyggjar	2011	2012	2013
Hareid	40540	43408	46944
Kostragruppe 01	45433	48516	50450
Møre og Romsdal	43534	46618	48290
Landet u/Oslo	42641	45688	47417



Vi har ovanfor sett ei oppstilling over nivået på dei frie inntektene i åra 2011, 2012 og 2013 i eit relevant utval. Kostratala syner at Hareid i denne perioden har hatt eit inntektsnivå frå hovudinntektskjeldene, som ligg under dei det er naturleg å samanlikne seg med. Kommunane sine hovudinntektskjelder skriv seg frå skatt på inntekt- og formue, eigedomsskatt og rammetilskot.

Eigedomsskatt er eit alminneleg finansielt verktøy i dei fleste kommunar i Norge. Som låginntektskommune vert det særleg viktig å gjere medvitne val i høve det å gjere bruk av eigedomsskatt som inntektskjelde eller ikkje. Ei kommune med låg inntekt og som ikkje nyttar eigedomsskatt må difor vere budd på å tilby innbyggjarane sine reduserte tenester i høve dei kommunane som nyttar eigedomsskatt.

3.6 Produktivitet

(Kjelde Kostra / SSB)

Produktivitet/enhetskostnader	Hareid 2013	Møre og Romsdal 2013	Kostragruppe 01 2013	Landet u/Oslo 2013
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	149826	158757	154439	162216
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202	98360	99251	111409	100288
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	13,8	14,2	13,1	14,3
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	174077	237067	196668	222601
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	870900	889657	940421	967230
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	3444	3030	3639	3210
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	1779	2703	4188	3563
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	3142	2734	2390	2593
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, vedtatte reguleringsplaner (kalenderdage)	200	..	..	..
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid, opprettelse av grunneiendom(kalenderdage)	87	..	..	..
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	65000	98854	78738	120936
Lovanvendelse				
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	..	95	98	96
Andel dispensasjonssøkn. for nybygg i 100-m beltet langs saltvann innvilget	..	81	97	83

Tala indikerer at Hareid kommune har eit relativt lite handlingsrom med omsyn på produktivitetsforbetringar. Det er tvillaust at eit potensiale for betre produktivitet kan finnast i alle organisasjonar, også i Hareid kommune. Men tala kan indikere at desse potensiala for ein stor del og på dei områda som er omfatta av samanlikninga, ikkje er omfattande og mest sannsynleg eksisterer på område av mindre økonomisk verdi.

3.7 Statsbudsjettet

Rådmannen gjer her kort greie for nokre av føresetnadane som ligg til grunn for regjeringa sitt forslag til statsbudsjett. Rådmannen har ikkje vurdert eventuelle forslag til endringar i Prop.1 og om kor vidt dette vil kunne få konsekvensar for kommunen sine rammevilkår. For Hareid kommune er det anslått at skatt og rammetilskot vil auke med 0,66% frå 2014 til 2015 (revidert budsjett 2014 – Grønt hefte 2015). Denne veksten skal dekke kommunen si auke i kostnader til lønsvekst, pensjonskostnader, fleire innbyggjarar m.m.. I dette høvet er det i hovudsak berre varsla mindre justeringar, med unntak av at ordninga med kommunane si medfinansiering av spesialisthelsetenesta, opphøyrer frå 01.01.2015. Dette fører med seg eit kutt i rammetilskotet på om lag 6 mill. kroner og sameleis eit om lag tilsvarande kutt i sektor for Velferd sine kostnader. Dette betyr at den reelle finansielle styrkinga, vert noko større enn den prosentsatsen som er vist ovanfor.

Veksten i frie inntekter vil omtrent kunne finansiere løns- og prisstigninga, men ut over dette vert det lite rom for nye tiltak på basis av framlegget til statsbudsjett.

3.8 Finansiering av kommunesektoren (2011)

Kjelde: Meld. St. 12 (2011–2012)

Hovudkjeldene for finansiering av kommunesektoren er skatteinntekter, overføringar frå staten og gebyrinntekter. Skatteinntekter er den største inntektskjelda. I hovudsak er dette inntektsskatt frå personlege skattytarar i kommunen. I tillegg kjem eigedomsskatt, som kommunane kan vedta på frivillig basis, og skatteinntekter frå kraftproduksjon. Stortinget vedtek skattereglane som definerer skattegrunnlaget for kommunesektoren. Skatt på alminneleg inntekt frå personlege skattytarar blir fordelt mellom staten, kommunane og fylkeskommunane. Fordelinga mellom dei tre


forvaltningsnivåa blir bestemt av den kommunale og fylkeskommunale skattøyren, ein fordelingsnøkkel som årleg blir fastsett av Stortinget i samband med handsaminga av statsbudsjettet.

Overføringane frå staten kan delast inn i to hovudkategoriar: rammetilskot og øyremerkte tilskot. Rammetilskot skal tildelast kommunesektoren utan andre vilkår enn det som følgjer av krav til oppgåveløysinga i lov og forskrift. Det inneber at kommunane kan gjere eigne prioriteringar for bruken av rammetilskot. Rammetilskota blir løyvde over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett. Saman med skatteinntektene utgjer rammetilskot *frie inntekter* for kommunesektoren.

Til øyremerkte tilskot er det knytt vilkår om at midlane skal brukast til nærare bestemte føremål. Øyremerkte tilskot blir løyvde over budsjettet til dei ulike fagdepartementa, avhengig av kva for saksområde tilskotet gjeld.

Gebyrinntekter er betaling frå innbyggjarane i kommunen knytte til kommunale tenester, som til dømes barnehagar, pleie- og omsorgstenester og tekniske tenester. Hovudregelen er at kommunen ikkje kan ta meir betalt enn kostnaden ved å tilby tenesta (sjølvkost).

Om lag ¾ av dei samla inntektene er skatteinntekter og rammetilskot, medan om lag 15 prosent er gebyrinntekter og liknande. Dei øyremerkte tilskota utgjorde i 2011 fem prosent av inntektene, mot om lag 12 prosent i 2010. Årsaka til reduksjonen frå 2010 til 2011 er innlemming av øyremerkte tilskot til barnehagar i rammetilskotet.



Kommunane har relativt lite rom for å påverke storleiken på inntektene. Eit viktig unntak er eigedomsskatten. Gjennom skattereglar og skattøyre, rammeløyvingar og øyremerkte løyvingar fastset staten langt på veg nivået på inntektene til kommunane. Difor er det særskild viktig at det er samsvar mellom dei oppgåvene kommunane har ansvaret for, og dei ressursane som blir stilt til disposisjon. Det gjeldande finansieringsprinsippet er at kommunane skal kompenseras fullt ut for meirutgiftene når dei blir tillagde nye oppgåver, og ved endringar i regelverk eller andre endringar som inneber meirutgifter. Tilsvarande skal inntektsrammene til kommunane reduserast dersom dei blir avlasta for oppgåver.

3.9 Befolkningsprognoser

HAREID pr. 01.01	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Menn	2391	2353	2329	2305	2305	2337	2360	2417	2442	2489	2540	2567
Kvinner	2389	2377	2341	2353	2332	2338	2381	2400	2417	2443	2460	2490
0 år	54	43	54	63	55	49	50	80	55	63	77	54
1-5 år	334	309	276	269	277	282	292	303	312	310	320	354
Sum barnehage	388	352	330	332	332	331	342	383	367	373	397	408
6-12 år	516	520	507	486	478	480	473	441	432	437	428	430
13-15 år	234	220	222	229	226	210	200	212	226	218	209	194
Sum grunnskule	750	740	729	715	704	690	673	653	658	655	637	624
16-19 år	262	285	287	299	287	300	306	289	287	288	282	297
20-44 år	1572	1528	1476	1430	1419	1433	1467	1520	1544	1598	1640	1646
45-66 år	1133	1158	1173	1195	1207	1248	1282	1297	1314	1339	1351	1374
20 - 66 år	2967	2971	2936	2924	2913	2981	3055	3106	3145	3225	3273	3317
67 - 79 år	440	436	438	450	439	435	420	416	420	417	424	428
80-89 år	209	205	205	207	216	207	220	221	222	213	220	228
90 år eller eldre	26	26	32	30	33	31	31	38	47	49	49	52
Sum folketal	4780	4730	4670	4658	4637	4675	4741	4817	4859	4932	5000	5057
Årleg prosentvis endring	0,4	-1,0	-1,3	-0,3	-0,5	0,8	1,4	1,6	0,9	1,5	1,4	1,1

3.10 Forpliktande plan for inndekning av meirforbruk

Ein viser til eiga politisk sak om forpliktande plan for 2014.

4 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2016 – 2018 – DRIFT

Rådmannen presenterer her framlegget til driftsbudsjett, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde tiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei driftstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærare omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar.

Betalingssatsar ligg føre i separat vedlegg.

4.1 Driftsbudsjett

4.1.1 Budsjettskjema 1A

Tal i tusen kroner

	B2014 rev. juni	Grønt hefte for 2014	B2015	ØP2016	ØP2017	ØP2018
Skatt på inntekt og formue	-115 970	-112 348	-117 700	-120 700	-123 700	-126 800
Ordinært rammetilskot	-132 793	-134 159	-132 700	-129 700	-129 700	-129 700
Sum rammetilskot og skatt på inntekt og formue	-248 763	-246 507	-250 400	-250 400	-253 400	-256 500
Skatt på eigedom	-3 342		-9 000	-9 000	-9 000	-9 000
Andre generelle statstilskot	-8 100		-6 600	-6 600	-6 600	-6 600
Renteinntekter og utbytte	-1 800		-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Pensjon netto premieavvik	-2 578		-3 940	-2 630	-2 630	-2 630
Arbeidsgjevaravgift netto premieavvik	-362		-560	-370	-370	-370
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	9 000		7 400	7 800	8 500	9 700
Tap på krav	200		200	200	200	200
Avdrag på lån	11 500		11 500	11 500	11 500	11 500
Til dekning av tidlegare års meirforbruk	5 077		6 156	4 637	0	0
Til ubundne avsetningar	894		0	0	4 219	6 229
Interne overføringer	-524					
Bruk av ubundne avsetningar	-214		0	0	0	0
Bruk av bundne avsetningar	-1 252		0	0	0	0
Overført til investeringsregnskapet	600		600	600	600	600
Motpost avskrivningar og kalk. renter og avdrag	-3 900		-3 900	-3 900	-3 900	-3 900
Sum til fordeling drift.	243 564		250 544	250 132	252 881	252 771
Saldert budsjett	0		0	0	0	0

4.1.2 Kommentar til nokre av postane

4.1.2.1 Sum rammetilskot og skatt på inntekt og formue

Her er tala basert på Grønt hefte i forslag til statsbudsjettet for 2015. For 2016-2018 er nytta KS sin reknearkmodell for prognosert framskriving med grunnlag i 2015 og med føresetnad om 2,5% realskattevekst både på landsbasis og for Hareid kommune..

Dette gjev ein samla realvekst for desse inntektene frå det eine året til det andre på 0,0% for 2016, 1,2% for 2017 og 1,3% for 2018.

4.1.2.2 Skatt på eigedom

I forslaget er det lagt til grunn ei nettoinntekt frå eigedomsskatt på 9 mill kroner for alle åra i perioden. For 2014 er det føresett ei bruttoinntekt frå eigedomsskatten på 4,8 mill kroner. Alternativet til å auke skattesatsen vert ein reelle nedgang i tenestetilboda. Storleiken på eit eventuell bortfall i inntektene frå eigedomsskatt vil føre til kutt i rammene for resultateiningane og såleis eit tilsvarende kutt i tenesteproduksjonen. Sjå elles kommentar i kapitlet «Økonomiske perspektiv» og ei oversikt i vedlegg 2.

4.1.2.3 Andre generelle tilskot

Følgjande tilskot inngår i denne posten.

Dei oppførde tala er basert på ei vurdering utifrå rekneskapen for 2013 og 2014.

1000 kroner

Integreringstilskot	4 000
Tilskot einslege mindreårige	450
Investeringsstilskot skular	270
Investeringsstilskot omsorgsbustadar m.m.	1 880
Sum andre generelle tilskot	6 600

4.1.2.4 Renteinntekter og utbytte

I det oppførde beløp er kr 600 000 forventa renteinntekter og kr 1 400 000 forventa tilskot frå Tussa as (som for 2014).

4.1.2.5 Pensjon netto premieavvik

Sjå kapitlet «Økonomiske perspektiv»..

4.1.2.6 Avdrag på lån

Sjå kap. kapitlet «Økonomiske perspektiv»..

4.1.2.7 Til dekning av tidlegare års meirforbruk

Under føresetnad av at rekneskapen for 2014 gjev grunnlag for nedbetaling i samsvar med budsjettet, dvs. 5,077 mill. kr, vil dei oppførde beløpa i 2015 og 2016 gjer at vi kvittar oss med akkumulerte underskot.

4.1.2.8 Til ubundne avsetningar

Kommunen har eit sterkt behov for å ha ein buffer for negative budsjettavvik og uføresette hendingar både på utgifts- og inntektssida. Budsjett er balansert med dei oppførde avsetningane. Sjå elles kommentar om eigedomsskatt i kapitlet «Økonomiske perspektiv»..

4.1.2.9 Overført til investeringsregnskapet

Det oppførte beløp er forventa eigenkapitalinnskot i KLP. Det må nyttast driftsmidlar til eit slikt formål.

4.1.2.10 Motpost avskrivningar og kalk. renter og avdrag

Dette gjeld dei sjølvfinansierende områda. Her er nytta same beløp som for 2014. Det usikre elementet i dette beløpet er i hovudsak kva godkjent rente ein får nytte. Aukande rente gjev aukande kalkulatorisk inntektsbeløp. Det same gjev netto auke i låneportefølgje

4.1.2.11 Sum til fordeling drift.

Dette er netto driftsutgifter som er tilgjengelige sektorane.

4.1.3 Budsjettskjema 1B - Netto bindande budsjettramme for resultateiningane

1000 kroner

Einings nr.	Eining	B2014 rev. juni	B2015	ØP2016	ØP2017	ØP2018
	Politisk styring og kontroll	2 273	2 920	2 668	2 778	2 668
1 020	Rådmann	2 145	2 399	2 399	2 399	2 399
1 030	Økonomi og finans	4 605	4 762	4 762	4 762	4 762
1 040	Personalavdeling	2 347	2 423	2 423	2 423	2 423
1 050	Plan- og utviklingsavdeling	2 451	2 750	2 740	2 740	2 740
1 090	Brannvern	3 474	3 497	3 497	4 947	4 947
1 060	Servicetorget	4 493	4 608	4 589	4 528	4 528
1 070	IKT-avdeling	22	222	122	122	122
1 080	Nav-kommune	15 358	15 884	15 884	15 884	15 884
	Sentraladministrasjon	34 895	36 545	36 415	37 805	37 805
2 000	Oppvekstskontor	26 742	27 641	27 641	28 641	28 641
2 010	Bigset skule	9 479	9 689	9 689	9 689	9 689
2 030	Hareid skule	19 073	20 946	20 946	20 946	20 946
2 040	Hjørungavåg skule	7 627	7 237	7 237	7 237	7 237
2 050	Hareid ungdomsskule	21 218	21 675	21 675	21 675	21 675
2 810	Bigset banehage	6 265	6 631	6 631	6 631	6 631
2 830	Hareid barnehage	4 401	4 301	4 301	4 301	4 301
2 850	Syverplassen barnehage	6 628	6 980	6 980	6 980	6 980
	Sektor for oppvekst	101 433	105 101	105 101	106 101	106 101
3 100	Helse og koordinerende eining	13 540	14 425	14 425	14 425	14 425
4 000	Velferdskontor	4 179	4 473	4 473	4 473	4 473
4 022	Skjerma eining	8 194	8 481	8 481	8 481	8 481
2 023	Somatisk eining	20 507	15 975	15 975	15 975	15 975
4 025	Kjøkken	4 147	4 248	4 248	4 248	4 248
4 031	Heimeteneste eining 1	12 412	12 902	12 902	12 902	12 902
4 032	Heimeteneste eining 2	5 580	5 764	5 764	5 764	5 764
4 050	Bu og habilitering	14 064	14 836	14 836	14 836	14 836
	Sektor for velferd	82 622	81 105	81 105	81 105	81 105
5 000	Kulturkontor	896	925	925	925	925
2 080	Hareid musikk- og kulturskule	1 906	1 970	1 970	1 970	1 970
2 700	Ressurssenter	3 552	3 789	3 758	3 758	3 758
5 010	Bibliotek	1 216	1 253	1 253	1 503	1 503
5 020	Kulturtiltak	1 104	1 524	1 524	1 524	1 524
5 030	Næringstiltak	64	35	35	35	35
5 040	Trussamfunn	3 387	3 457	3 457	3 457	3 457
	Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling	12 126	12 953	12 922	13 172	13 172
6 500	Kommunalteknikk	5 011	5 135	5 135	5 135	5 135
6 550	Sjølvkostområde	-162	0	0	0	0
7 000	Bygg	5 364	6 786	6 786	6 786	6 786
	Sektor for kommunalteknisk drift	10 214	11 920	11 920	11 920	11 920
	Fordelte nettoutgifter	243 564	250 544	250 132	252 881	252 771

4.1.4 Kommentar til 1B

Endringar i høve til B2014 rev. er vist og kommentert i dei einskilde sektordelane. Her er det oversikt over løns- og prisstigning, tilpasningstiltak og nye tiltak.

I vedleggsdelen til budsjettet er vist alle endringar på ansvarsnivå.

5 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2016 – 2018 – INVESTERING

Rådmannen presenterer her framlegget til investeringsbudsjett, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde investeringstiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei investeringstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærare omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar.

5.1 Investeringsbudsjett

5.1.1 Budsjettskjema 2A

1000 kroner

Finansinntekter og -utgifter	B2014	B2015	ØP2016	ØP2017	ØP2018
Finansinntekter					
Bruk av lånemidlar	-14 985	-21 166	-13 585	-11 053	-11 093
1) herav bruk av unytta lånemidlar	-14 985	-10 871	-1 000	-1 000	0
Tilskot og refusjonar	-1 821	-4 262	-1 836	-1 447	-447
Salsinntekter fast eigedom og anleggsmidlar	-3 956	-500	-500	-500	-500
Bruk av avsetningar (fond)	-2 394	-2 790	0	0	0
Overføring frå driftsrekneskapen	-600	-600	-600	-600	-600
Momsrefusjon investering	-2 146	-2 791	-1 118	-1 175	-935
Anna finansiering	-956	-600	-600	-600	-600
Sum inntekter	-26 858	-32 709	-18 239	-15 375	-14 175
Finansutgifter					
Kjøp av aksjar og andelar	600	600	600	600	600
Avsetningar til kapitalfond	3140	0	0	0	0
Andre finansutgifter		0	0	0	0
Sum finansutgifter	3740	600	600	600	600
Sum finansinntekter og -utgifter	-23 118	-32 109	-17 639	-14 775	-13 575

1) For B2015 kjem talet fram slik:

580 000	Lån til tankbil brannvernet
3 100 000	Lån prestebustaden
291 000	Rest ubrukte lånemidlar frå før 2014 VAR
5 900 000	Låneopptak 2014 VAR (ikkje brukt av i 2014)
1 000 000	Ubrukte lånemidlar før 2014 (etableringslån)
10 871 000	Sum låneopptak godkjent av fylkesmannen

5.1.2 Kommentar til budsjettskjema 2A

Bruk av lånemidler

Her er det to forhold som har vore vektlagt med omsyn til ramme. Å halde eit nivå som ikkje i vesentleg grad aukar lånegjelda (samsvar mellom låneopptak og avdrag), og som kan vere realistisk i høve til fylkesmannen si godkjenning (Robek-situasjonen). Heile 2014 blir finansiert ved tidlegare låneopptak, og låneopptaket for 2015 må sjåast i den samanheng med omsyn til opptaksvolum. Nye lån blir i snitt om lag 10,6 mill. kroner for kvar av åra 2014 og 2015. Avdragsnivået er om lag 11,5 mill. kroner for kvart av åra i planperioden.

Tilskot og refusjonar

Desse finansieringsinntektene er særleg knytta til refusjonar frå deltakande kommuner i SSIKT.

Bruk av avsetningar (fond)

Dette gjeld for 2015 i hovudsak bruk av fondsavsetning frå sal av Godsterminalen.

5.1.3 Budsjettskjema 2B på investeringsprosjektnivå

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2014	B2015	ØP2016	ØP2017	ØP2018
I - 1	Pålhaugen 2	115			1 000	
I - 2	Eliasgarden		650	850		
I - 3	Raffelneset industriområde	12	475			
I - 4	Ymse grunnkjøp	27	500	500	500	500
I - 5	Bustadfelt Holstad	165	200	500	2 500	2 500
I - 6	Parken i Åsendalen - detaljprosjektering og utbygging			200	500	500
I - 7	Hareidsmyrane Industriområde - grunnkjøp				1 500	1 500
I - 8	Miljøgateprosjekt rundkøyring kyrkje til "Loket"		200	1 050	2 500	0
I - 9	Bustadfelt Bigset vest - grunnkjøp og regulering					1 000
I - 10	Risneset Industriområde - tilrettelegging / regulering					300
I - 11	GPS landmålestyr		150			
I - 12	Ortofotografering			120		
I - 13	Rådhuset, sikringstiltak	50	150			
I - 14	Altan rådhuset		175			
I - 15	Etableringslån (tildeling og avdrag)	3 894	1 600	1 600	2 700	2 700
I - 16	Fibersamband med Ulstein		2 000			
I - 17	SSIKT Driftsenter	906	5 422	2 569	625	625
I - 18	Investering møbler og utstyr, barnevern		107			
I - 19	Brannvernutstyr	45	155			
I - 20	Brannbekledning		300			
I - 21	Utbygging og utstyr til ny brannstasjon		500			
I - 22	Ny Vaktbil					400
I - 23	Fornyng tankbil brannvernet		725	0	0	0
Sum sektor for sentraladministrasjon		5 214	13 309	7 389	11 825	10 025
I - 24	Bigset skule - ombygging dusj/WC		350			
I - 25	Hareid ungdomsskule, ny drenering				600	
I - 26	Barnehagar, vognskur Syverplassen		600			

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2014	B2015	ØP2016	ØP2017	ØP2018
I - 27	Barnehagane, sikringstiltak		300			
I - 28	Syverplassen barnehage-Utviding av parkeringsplass		150			
I - 29	Bigset barnehage, vognrom/tilbygg					600
	Sum sektor for oppvekst	0	1 400	0	600	600
I - 30	Tryggleiksalarmar / analoglinje		300			
I - 31	Sjukeheimen, adgangskontroll			250		
I - 32	Taktekking sjukeheimen			1 600		
I - 33	Sansehage		150			
I - 34	Utebod Hjellevbakken		450			
I - 35	Hjellevbakken golvbelegg m.m.		100			
	Sum sektor for velferd	0	1 000	1 850	0	0
I - 36	Ovrasanden friluftsområde - vidareføring tilrettelegging				200	200
I - 37	Kvitnes dokumentasjonssenter				250	250
I - 38	Ovra -skilting av kulturminne				150	
I - 39	Kulturminneplan			150	100	
I - 40	Ny prestebustad	850	4 750			
I - 41	Oppgradering ventilasjonsanlegg - musikk- og kulturskulen			150		
I - 42	Hareidhallen/symjehall-Ny taktekking				500	
I - 43	Brannvarsling, Hareidhallen	8	400			
I - 44	Hareid Sokn - Asfaltering lys m.m.		150			
I - 45	Kyrkjegarden, utviding	6 299	1 000	1 000		
	Sum sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling	7 157	6 300	1 300	1 200	450
I - 46	Fast dekke	220	300	300	300	300
I - 47	Gjerdeelva, Førebygging		500			
I - 48	Traktorklippar /raider		150		150	
I - 49	Hareid hamn-rehab betongkai					1 500
I - 50	Ny vassleidning over Eidet, reservevassforsyning	250	5 450			
I - 51	Fornying vassleidningsnett		300	300	300	300
I - 52	Inntak Hammarstøylsvatnet	2		1 800		
I - 53	Lavtrykksledning Bigset-Rise			1 000		
I - 54	Pumpestasjon Teigane		800			
I - 55	Avløpsanlegg Hareid hamn, nordre molo	313	2 200			
I - 56	Fornying kloakkleidningsnett		400	400	400	400
I - 57	Avløpsnett Bigset-Rise, fellesanlegg VA			2 500		
I - 58	Sideforgreining Hovden-Mork			800		
	Sum sektor for kommunalteknisk drift	785	10 100	7 100	1 150	2 500
2)	Sum investeringsutgifter heile kommunen	23 118	32 109	17 639	14 775	13 575
	Herav sjølvfinansierende prosjekt	4 875	9 150	6 800	700	2 200

2) Talet for B2014 gjeld alle investeringstak i 2014, dvs. også tiltak som ikkje ligg inne i denne tiltaksoversikta.

Kommentar til budsjetttskjema 2B

Kommentar til det enkelte prosjekt er å finne under sektorkommentarane.

6 SEKTOR FOR SENTRALADMINISTRASJONEN

Sektorleiar: Rådmann Bent Arild Grytten

6.1 Sektorstruktur

Sentraladministrasjonen vert leia av rådmannen. Leiarstrukturen elles består av 7 avdelingsleiarar som sit i rådmannen si stabgruppe. Avdelingsleiarane har sjølvstendig ansvar for drift av sine avdelingar og rapporterer til rådmannen.

- Økonomiavdeling
- Personalavdeling
- IT-avdeling
- Servicetorg og politisk sekretariat
- Plan, utvikling, byggesak og geodata
- Brannvern
- NAV kommune
- Rådmannskontoret (administrativ eining)

I tillegg er vertskommunesamarbeidet SSIKT driftssenter, organisatorisk plassert innanfor sentraladministrasjonen. Denne eininga vert drifta av Hareid kommune med personal- og økonomiansvar, men arbeider elles ut frå føringar som vert lagt av eit interkommunalt samarbeidande organ, samt samordna politiske vedtak i kommunestyra i dei sju samarbeidskommunane.

Det skal og nemnast at driftsansvaret for barneverntenesta no har blitt flytta ut av NAV-kommune lokalt og til eit vertskommunesamarbeid, der Volda kommune er vertskommune. Hareid kommune har sjølv sagt ansvaret for sine barneverntenester og i fortsettinga, men det administrative driftsansvaret er flytta til Volda kommune.

6.1.1 Om tenestene

Sentraladministrasjonen yter dei fleste av dei sentrale stab- og støttetjenestene. Typiske døme på dette er tenester innanfor økonomi, personal og IT. Servicetorget yter både interne tenester til administrativt og politisk nivå samt til publikum. Plan, utvikling, byggesak og geodata har eit variert tenestespekter som både er eksternt og internt retta. Brannvernet har viktige oppgåver innanfor brannførebygging og eit operativt ansvar ved brann eller ulykkeshendingar. NAV-kommune har ei brukarorientert og rettighetsbasert tilnærming og yter tenester til ulike brukargrupper.

Eit viktig fokus for sentraladministrasjonen er og å syte for å legge til rette for den politiske aktiviteten gjennom saksførebuing og gjennomføring av politiske vedtak. Alle einingane i sentraladministrasjonen er potensielle aktørar i dette arbeidet.

Rådmannen er bindelekkja mellom politisk og administrativt nivå. Rådmannen har eit særskilt ansvar for at saker som leggst fram for folkevald organ har fått ei forsvarlig utgreiing og at vedtak blir iverksett. Vidare skal rådmannen syte for at kommunedrifta ligg innanfor gjeldande lover, forskrifter og overordna instruksar, samt syte for betryggande kontroll (jf. kml. §23.2).

Tenestene blir nærare skildra i underkapitla nedanfor.

6.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Kommunen skal kvart år vedta budsjett og handlingsprogram som skal tilfredsstillе dei gitte og absolutte krava i kommuneloven sitt kapittel 8. Dette vert utgangspunktet.

Kommunen si økonomiske stilling, tenestestatusen i driftseiningane, samt føringar frå lokalt politisk nivå og i statsbudsjettet, vert vidare sentrale premissleverandørar.

Vidare vert det for rådmannen viktig å take i vare dei ulike perspektiva innanfor samfunnsutvikling, økonomistyring, tenesteproduksjon og arbeidsgjevaransvar. For ei kommune med låg inntekt og ROBEK-status vert det følgjeleg mange dilemma. Rådmannen prioriterer innanfor desse rammene i sitt framlegg til budsjett og handlingsprogram.

Det er likevel ikkje til å kome bort frå at ei svært sentral føring har vore å legge grunnlaget for å føre kommunen eit skritt vidare i arbeidet med å bringe kommunen ut av ROBEK-registeret. Dette er smertefullt og både administrasjonen, politikarane og innbyggjarane vil erfare denne kjensgjerninga, både gjennom framlegg til budsjett og i praktisk røyndom, i den grad budsjettframlegget blir vedtatt. Rådmannen ser det slik at situasjonen krev at vi løftar i lag og at alle som kan, bør vere med på å løfte.

For det som førekjem av føringar på tenestesektorane, vert det å vise til deira respektive kapittel.

6.2 Årsverk og driftstiltak

6.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2013	Årsverk 01.10.2014	Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2015
Rådmannskontoret	1,86	1,86	1,86
Økonomiavdelinga	5,25	4,3	5,25
Personalavdelinga	2,9	2,9	2,9
Plan, utvikling, byggesak og geodata	4,75	5,75	5,75
Servicetorget	4,3	4,0	4,0
IT-avdelinga	2,9	1,0	1,0
SSIKT driftssenter*	0	3,0	3,0
Brannvern	1,25	1,25	1,25
NAV-kommune (ekskl. eksternt finansierte prosjekt)*	8,8	3,8	3,8
Samla årsverk	32,01	27,86	28,81

- *SSIKT driftssenter vart formelt oppretta som vertskommunesamarbeid 01.01.2014. Dei tre stillingsheimlane som ligg inne er eig av Hareid, men vert finansierte gjennom tilskot frå dei sju kommunane i samarbeidet.
- Som resultat av at Volda kommune vart etablert som vertskommune for eit samarbeid på barnevernsområdet, vart om lag seks stillingsheimlar overførte til Volda.
- NAV-kommune har fått godkjent tilskot til 1,3 stillingsheimlar i samarbeid med eit prosjektarbeid. Det er ikkje kjend i skrivande stund om dette prosjektet blir etablert enno.

I tabellen ovanfor inngår ikkje resurs på 5,33% lovfesta stillingsheimel for hovudverneombod.

6.3 Politisk styring og kontroll

6.3.1 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2015 – 2018 POLITISK STYRING OG KONTROLL		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
A0	Sum framskriving av budsjett	68	68	68	68
A1	Sum tilpasningstiltak	364	364	364	364
A2	Endringer i høve valår	250	0	110	0
A3	Kontrollutval – generelt behov	16	16	16	16
A4	Overformynderi	-10	-10	-10	-10
A5	Reserverte tilleggsløyvingar	-50	-50	-50	-50
	SUM inkludert i ny ramme	638	388	498	388

6.3.2 Kommentar til driftstiltaka

A0 Sum framskriving av budsjett

Framskrivinga er basert på ein lønsauke på 3,3%, ein auke i kostnader til kjøp av varer og tenester på 2,3% og ein deflator (brukt på inntekter) på 3,0%.

A1 Sum tilpasningstiltak

Tilpasningstiltak er endringer som er knytta til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsaukeauka men som er nødvendige for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under tilpasningstiltak eller nye tiltak. For detaljar sjå i vedleggsheftet. Her er beløpet oppretting av feilbudsjettering for ansvar Ordførar i 2014.

A2 Endringer i høve valår

Det stor forskjell på arbeidet med kommuneval og arbeidet med stortingsval. Dette gjeld før valet, på valdagen og etter at valet er over. Kostnadane mot teljekorpset er store. Det bør vurderast om vi skal innføre skanning av røystesetlane, då må midlane som er knytt opp mot møtegodtgjersle nyttast til innkjøp av skanner og opplæring knytt til skanning av røystesetlar. Med tanke på prosessen med kommunesamanslåing og at dette kanskje er ein realitet om 2-4 år er det kanskje lite hensiktsmessig å begynne med dette i år. Opplæringa i val som før har vore i Ålesund vil for framtida verte lagt til Oslo, sjølv opplæringa vil ikkje koste meir, men reise og opphald vil sjølvstakt bli dyrare. Dette er opplæringar som er obligatoriske.

A3 Kontrollutval – generelt behov

Innspel frå kontrollutvalet.

A4 Overformynderi

Overformynderiet vart lagt til Fylkesmannen i 2013. Det er difor ikkje lenger naudsynt å ha midlar og eit eige ansvar for dette.

A5 Reserverte tilleggsløyvingar

Budsjettering i samsvar med forbruk pr. november i 2014.

6.4 Sentraladministrasjonen

6.4.1 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2015 – 2018 SENTRALADMINISTRASJONEN		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
B0	Sum framskriving av budsjett	605	605	605	605
B1	Sum tilpasningstiltak	194	194	194	194
B2	Folkehelsekoordinator 50% stilling	185	185	185	185
B3	Kartlegging i hht Geovekstavtale	11	0	0	0
B4	Overføringsinntekter	-120	-120	-120	-120
B5	Verktøy og utstyr	31	31	31	31
B6	Vaktlag	0	0	1450	1450
B7	Rydding arkiv	80	60	0	0
B8	Hareid sin driftsandel i SSIKT	222	222	222	222
B9	Lineleige data Bigset skule og barnehage		-100	-100	-100
B10	Kontingent til Sunnmøre regionråd	-83	-83	-83	-83
B11	Kjøp av 3 VTA-plassar	110	110	110	110
B12	Samarbeid barnevern	64	64	64	64
	SUM inkludert i ny ramme	1 235	994	2 384	2 384

6.4.2 Kommentar til driftstiltaka

B0 Sum framskriving av budsjett

Framskrivinga er basert på ein lønsauke på 3,3%, ein auke i kostnader til kjøp av varer og tenester på 2,3% og ein deflator (brukt på inntekter) på 3,0%.

B1 Sum tilpasningstiltak

Tilpasningstiltak er endringar som er knytta til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsaukeauka men som er nødvendige for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under tilpasningstiltak eller nye tiltak. For detaljar sjå i vedleggshftet.

B2 Folkehelsekoordinator 50% stilling

Stillinga blir flytta til rådmannskontoret etter politisk vedtak. Bruttoutgifter blir om lag kr 310 000 og statleg tilskot er på kr 125 000 som gjev ei nettoutgift kr 185 000.

B3 Kartlegging i hht Geovekstavtale

I hht geovekstavtale NN2000 for Sunnmøre Sør og Nord er Hareid kommune sin andel rekna til kr 11.000. Gjeld kostnad med innføring av nytt høgdegrunnlag. Beløpet er eingongskostnad som skal betalast i 2015.

B4 Overføringsinntekter

Dette er inntekter for arbeid som ansvar for brann utfører for ansvar for feiing. Sidan ansvar for feiing er sjølvfinansierende, vert dette ei nettoinntekt.

B5 Verktøy og utstyr

Dette gjeld ansvar for brann. Naudsynt utstyr røykdykkarutstyr, slökkjeutstyr, tryggingsutstyr. Dette er ein auke i eksisterande budsjett som for denne posten er på om lag kr 124 000.

B6 Vaktlag brannvern

Forslag om innføring av vaktlag frå 2017. Kravet om vaktlag har vi hatt sidan litt før år 2000. Dette er eit lovkrav.

B7 Rydding arkiv

Prosjektet er oppsett på investering i 2014 - noko som er i strid med reglane for investeringstiltak. Forslaget inneber at det blir flytta til drift (kr 60 000 må finansierast på drift i 2014).

B8 Hareid sin driftsandel i SSIKT

Meirkostnad i høve til budsjett 2014.

B9 Lineleige data Bigset skule og barnehage

Må sjåast i samanheng med investeringsprosjekt fiberkabel til Ulstein som er sett opp på budsjettet for 2015. Lineleie data til Bigset skule og barnehage med årskostnad på kr 100 000 går då ut.

B10 Kontingent til Sunnmøre regionråd

Kontingenten er dekt opp under ansvar for regionsamarbeid og kan gå ut under fellesutgifter.

B11 Kjøp av 3 VTA-plassar

Dette tiltaket kom ikkje med i budsjettet for 2014 p.g.a. utsett sak. Det er gjort vedtak om kjøp av 3 VTAplassar. Dette har ein kostnad på omlag kr.36.000 per plass per år

B12 Samarbeid barnevern

Ifølge budsjett frå det interkommunale samarbeidet om barnevern.

6.4.3 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2015	ØP2016	ØP2017	ØP2018
I - 1	Pålhaugen 2			1 000	
I - 2	Eliasgarden	650	850		
I - 3	Raffelneset industriområde	475			
I - 4	Ymse grunnkjøp	500	500	500	500
I - 5	Bustadfelt Holstad	200	500	2 500	2 500
I - 6	Parken i Åsendalen - detaljprosjektering og utbygging		200	500	500
I - 7	Hareidsmyrane Industriområde - grunnkjøp			1 500	1 500
I - 8	Miljøgateprosjekt rundkøyring kyrkje til "Loket"	200	1 050	2 500	0
I - 9	Bustadfelt Bigset vest - grunnkjøp og regulering				1 000
I - 10	Risneset Industriområde - tilrettelegging / regulering				300
I - 11	GPS landmåleutstyr	150			
I - 12	Ortofotografering		120		

I - 13	Rådhuset, sikringstiltak	150			
I - 14	Altan rådhuset	175			
I - 15	Startlån (tildeling og avdrag)	1 600	1 600	2 700	2 700
I - 16	Fibersamband med Ulstein	2 000			
I - 17	SSIKT Driftsenter	5 422	2 569	625	625
I - 18	Investering møbler og utstyr, barnevern	107			
I - 19	Brannvernutstyr	155			
I - 20	Brannbekledning	300			
I - 21	Utbygging og utstyr til ny brannstasjon	500			
I - 22	Ny Vaktbil				400
I - 23	Fornyng tankbil brannvernet	725	0	0	0
Sum sektor for sentraladministrasjon		13 309	7 389	11 825	10 025

6.4.4 Kommentar til investeringstiltaka

I - 1 Pålhaugen 2

Grunnkjøp: restinnløsning av grunn.

I - 2 Eliasgarden

Gjeld kjøp av vegggrunn i samsvar med avtale knytt til utviding av kyrkjegarden. Framført veg vil opne for bygging på 4 regulerte bustadtomter samt ny tilkomst til eksisterande bustader. Stipulert pris basert på skjønnsfastsetjing kyrkjegardsgrunn. Utbetaling over 2 år.

I - 3 Raffelneset industriområde

Dette gjeld kostnader knytta til klargjering av området i kommunal eige for sal. Det er oppfylt ueigna masse i samband med anlegg knytta til vatn og avløp. Desse massane må skiftast ut og området forøvrig klargjerast. Om lag 2/3 vert å finansiere av område for vatn og avløp, og resten gjennom sal av grunn.

I - 4 Ymse grunnkjøp

Tiltaket gjeld i hovudsak dekninga av kostnader med innløsning/kjøp av mindre areal/grensejusteringar i utbyggingssaker m.m. Posten skal vere "sjølvfinansierende" gjennom inntektsposten "diverse sal av grunn".

I - 5 Bustadfelt Holstad

Stipulerte kostnad for grunnerv. Ein reknar med at ervervet vil skje gjennom skjø. 2015 er avsett midlar til planlegging av grunnervet, 2016 til skjønnsprosess og dei to siste åra føreset ein erstatningsutbetalingar.

I - 6 Parken i Åsendalen - detaljprosjektering og utbygging

Prosjektet er knytta til tettstadsutviklinga i sentrum. Det er sett av 200 000 kroner til detaljprosjektering i 2016 og 500 000 for dei to siste åra til utbygging. Kostnadane er stipulert, og detaljprosjekteringa må avklare reelle kostnader. Det same gjeld i kva grad fylkeskommunen vil gje tilskot til prosjektet (tettstadsutviklingsmidlar):

I - 7 Hareidsmyrane Industriområde – grunnkjøp

Industriområdet er detaljregulert og klart for prosjektering og utbygging. Innleiande grunnforhandlingar for eit 1. byggjesteg bør vidareførast med sikte på minneleg avtale om kjøp. Det er avsett 3 mill. kroner dei 2 siste åra i perioden til dette formålet.

Beløpet må justerast når ein veit meir om kostnadsnivået.

I - 8 Miljøgateprosjekt rundkøyning kyrkje til "Loket"

Prosjektet gjeld opparbeiding av miljøgate i Kjøpmannsgata – 1. byggesteg frå rundkøyninga ved kyrkja til «Loket».

Det er føresett planlegging og prosjektering i 2015 og 2016 med utbygging vatn og avløp i 2016 og utbygging gatelegeme i 2017.

Det er føresett ein planleggings- og utbyggingskostnad på samla på 3,25 mill. kroner, eit beløp som må korrigerast i samsvar med resultatet av prosjekteringa. Det er vidare føresett ei finansiering som inneheld tilskot frå både private og frå fylkeskommunen, Tilskot på kr 100 000 i 2015 til detaljplanlegging er sikra gjennom resterande tilsegn frå fylkeskommunen.

I - 9 Bustadfelt Bigset vest - grunnkjøp og regulering

Det er her avsett midlar til oppstart av regulering og grunnnerverv i 2018.

I - 10 Risneset Industriområde - tilrettelegging / regulering

Det er ynskjeleg å starte detaljregulering industriområdet basert på føringar i landskapsplan for Risneset. jf. også kommuneplanen. Siktemålet er å klargjere industritomter for eit 1. byggjesteg.

I - 11 GPS landmåleutstyr

GPS-utstyret er utslitt og må skiftast ut. Fører opp tiltaket med 150.000 i 2015

I - 12 Ortofotografering

Ny ortofotografering i kommunen er planlagt i 2016. Samkøyning med nabokommunar.

I - 13 Rådhuset - sikringstiltak

Dette gjeld løyvde midlar til prosjekt for 2014 på kr 200 000, der kr 150 000 blir overført til 2015.

I - 14 Altan rådhuset

Altan utanfor tannlegekontor fører til stadige oversvømmingar inne på tannlegekontoret. Det er 4. el. 5. gang dei har hatt vasskadar pga. dette problemet. Blir ikkje oversvømminga oppdaga med det same, kan det bli litt større skader. Dermed får vi ein eigenandel på 50 000 kroner til forsikringa for kvar skade.

I - 15 Etableringslån (tildeling og avdrag)

Her nyttar ein ubrukte lånemidlar til dette formålet på 1 mill. kroner for 2014 og 2015, noko som ein aukar til 2 mill. kroner dei to siste åra i planperioden i tru om at ein er ute av Robek-lista og kan oppta nye lån til vidare utlån.

I - 16 Fibersamband med Ulstein

Dette gjeld eit anlegg det er stort behov for ifølge it-avdelinga. Når dette anlegget er gjennomført, kan ein kutte ut det leigde sambandet for datatrafikk til Bigset skule og barnehage. Dette representerer ein redusert årleg driftskostnad på kr 100 000, noko som langt på veg dekkjer kapitalkostnadane til dette anlegget.

I - 17 SSIKT Driftsenter

Dette gjeld nødvendige investeringskostnader for dette interkommunale samarbeidet. Dei oppførde beløp er totale investeringskostnader der Hareid kommune sin andel utgjer om lag 13,5%.

I - 18 Investering møbler og utstyr, barnevern

Dette gjeld Hareid kommune sin andel til møblar og utstyr til lokalitetane til det nye interkommunale samarbeidet i barnevernet.

I - 19 Brannvernutstyr

Ubrukte midlar frå prosjekt godkjent i 2014.

I - 20 Brannklede/personellutrustning

Dette gjeld fornying og nye krav til slik utrustning.

Kommentar frå einingsleiar:

Utrykningskle. P.g.a. kreftfare og endring av rutiner må vi ha to sett til alle. Kontoen dekker elles hjelmar, hanskar, støvlar og underbekledning til røykdykkarar. Kan gjerast som investering.

I - 21 Utbygging og utstyr til ny brannstasjon

Dette gjeld løyving til å slutføre arbeidet med ny brannstasjon, dvs. elektrisk anlegg, innreiing av garderobar (isolering og kledning vegg og tak), dusj og toalett.

Ventilasjonsanlegg og varme.

I - 22 Ny Vaktbil

Kommentar frå einingsleiar:

Vaktbil (kommandobil) som vi har no er frå 2002. Er nedslitt og ikkje så godt teneleg lenger. Rådmannen finn ikkje rom for dette før i 2018.

I - 23 Fornyning tankbil brannvernet

Dette prosjektet vart godkjent i 2014 med ei økonomisk ramme på kr 725 000 og der fylkesmannen har gjeve godkjenning på eit lån på kr 580 000 (kostnad eks mva). Prosjektet vert overført til budsjett for 2015 for gjennomføring i starten av året.

6.5 Overordna målsettingar

6.5.1 Hovudmål

Sentraladministrasjonen skal syte for naudsynte stab- og støttetenester til kommunen sine tenesteytande einingar. Politikarar, publikum, samt andre offentlege og private verksemdar skal få naudsynt og korrekt informasjon og service, utan unødig ventetid. Sektoren skal vere utviklingsorientert og ha eit spesielt ansvar for at heile kommunen si verksemd er i tråd med lov og retningslinjer og syte for at kommunen sitt omdøme vert forvalta på ein god måte.

6.5.2 Utviklingsmål

- Alle einingar i kommunen skal i løpet av 2015 ha vidareutvikla målstyringskonseptet med styringskort ved å lage og starte gjennomføring av ein plan for medarbeidar- og brukarundersøkingar.
- Sentraladministrasjonen skal i budsjettåret 2015 fortsette arbeidet med å redusere avviket mellom budsjett og rekneskap. Målsetting på lengre sikt er 0% avvik.
- I løpet av 2015 skal det vere etablert eit system med leiaravtalar og oppfølging, for alle leiarar med resultatansvar.

6.5.3 Styringskort

6.5.3.1 Styringskort m/kommentar – Økonomiavdeling

STYRINGSKORT ØKONOMIAVDELING		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Responstid i generelle interne økonomispørsmål*		1 dag
Økonomirapportar levert til fastsett frist		100%
Årsrekneskap utan avvik frå revisjonen		100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	0	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	93% **	>95%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)		5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	0%	0 %

* Spørsmål frå leiarar i kommunen på generelle spørsmål som er naudsynt for at dei kan få utført arbeidet sitt til rett tid. Til dømes innan kontoplan, leverandør opplysingar, regelverk m.m.

** Tal frå 2013

Økonomi og Finans er samansett av følgjande ansvarsområde og budsjetttramme:

- Økonomiavdeling kr. 3 139 040 (netto utgift for drift av økonomiavd.)
- Tilleggsøyvingar kr. 100 000 (Til disp. for formannskapet)
- Landbrukskontor kr. 750 137 (Tilskot til interkomm. samarb.)
- Finans kr.-232 251 503 (netto til disp. for tenesteprod.)

Avdelinga forvaltar gjennom skatt- og finansområdet store fellesressursar gjennom

- skattar og avgifter på ca. kr. 450 mill.
- gjeldsforvaltning på ca. kr. 340 mill.
- frie driftsinntekter på ca. kr. 250 mill.

som skal stå til disposisjon for finansiering av tenesteproduksjonen i fagsektorane og utvikling av kommunale tenester.

6.5.3.2 Styringskort m/kommentar – Løn- og Personalavdeling

STYRINGSKORT LØN OG PERSONALAVDELING		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Søkjjarlister i tilsettingssaker ferdigstilt/levert til tilsettingsutval og tillitsvalde*		7 dagar
Lønsslipp på e-post	260 av 530	400 av 530
Lokale lønsforhandlingar gjennomført innan avtalt frist mellom partane	100% **	100%
Elektroniske reiserekningar	0	50%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	96% **	>95%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)		5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	0%	0 %

* Verkedagar etter utløp av søknadsfrist. Tillitsvalde får dette i hende per internpost. Elektronisk for tilsettingsutvalet.

**Tal frå 2013

Løn og personalavdelinga har i dag tre tilsette. Vi har ein rådgjevande og utøvande funksjon overfor leiarar med personalansvar, tilsette og andre interne og eksterne instansar.

Arbeidet er heimla i lover, forskrifter, avtaleverk og lokale vedtak. Vi yter mellom anna tenester innanfor følgjande områder; tilsetting, fråvær, oppseiing, løn, refusjon, pensjon, personforsikring, lønsforhandlingar, HMS, AKAN, bedriftshelseteneste og inkluderande arbeidsliv (IA). Avdelinga yter også tenester til Hareid sokn. Avdelinga er representert i arbeid med arbeidsmiljøutval, hovudtillitsvalde, vernetenesta og ulike interne og eksterne samarbeidsfora.

6.5.3.3 Styringskort m/kommentar - IT-avdeling

STYRINGSKORT IT-avdelinga		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Oppetid IT-system, eksklusive planlagd nedetid	95	97 %
Andel fornøgde brukarar av IT-systema		80%
Tilfredstillande support til brukarar		90%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100 %	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	? %	93 %
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)	5	6
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./-mindref.+)	+5,0%	0 %

IT-avdelinga er ein stabsfunksjon som skal betene heile organisasjonen med infrastruktur og drift av kommunen sine applikasjonar både i administrasjon og skule/barnehage. I tillegg har IT-avdelinga fått eit ansvar for interkommunal drifting gjennom det interkommunale samarbeidet SSIKT. Driftssenteret er lagt til Hareid.

6.5.3.4 Styringskort m/kommentar - Servicetorg og politisk sekretariat

STYRINGSKORT Servicetorg og politisk sekretariat		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Sentralbord/skranke – ventetid/svar på anrop innan 30 sec		90 %
Heimeside - Aktiv informasjon av kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Hareid	69% ¹	80 %
Søknad på husbanken sine tenester, næringsfondet og andre søknadar på tenester skal handsamast fortløpande og søkjar skal ha fått tilsendt førebels svar innan 1 veke.		100 %
Alle innsynsbegjæringar skal svarast på innan 24 timar		100 %
Rydde og overføre antal hyllemeter arkivboksar av 300 hyllemeter til IKA årleg		10 hm

¹ I 2013 fekk vi 69 % på nyttig innhald, kriteriesettet er endra og det vil vere ei enkel vurdering i 2015.

Alle arkivdelar skal bli fullelektroniske i løpet av ei 10 årsperiode		1 arkivdel årleg
Dei politiske møtedokumenta vert utsendt elektronisk med alle sakene 7 dagar før for KST og 5 dagar før for andre utval. Innkalling med saksframlegg og vedlegg skal sendast i rett tid jf. nedfelte rutinar ²		90 %
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidersamtalar	100 % ³	100 %
Nærværprosent medarbeidarar ⁴	94,4	95
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)		5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	-1,35 %	0 %

Servicetorg og politisk sekretariat har ein nøkkelfunksjon i forhold til skjeringa mellom publikum og organisasjonen.

Vi skal vere med på å styrke Hareid kommune sitt omdøme, syte for relevant og korrekt informasjon, arbeide for eit godt arbeidsmiljø og syte for at det er god sikkerheit rundt personvern.

Avdelinga yter tenester innanfor følgjande felt arkiv, utval, TV-aksjon, transportstøtte, tildeling av følgjekort, utleige Hareidhallen/symjehallen, søknad frå lag og organisasjonar, Infoland, valarbeid, næringsfondet, bustønad, startlån, bustadtilskot, tilsett portal, innbyggjarportal, beredskapssystem, ambulerande skjenkeløyve, oppgåve for omsett alkohol og sikkerheitsansvar personvern.

Avdelinga skal syte for at det vert lagt til rette for politiske møte og at relevant saksmateriell vert formidla på ein korrekt måte, at kundane får opplysningane dei treng bl.a. via nettsida vår og at all relevant informasjon vert arkivert i tråd med lov og forskrift.

6.5.3.5 Styringskort m/kommentar - Plan, utvikling, byggesak og geodata

STYRINGSKORT Plan- og utviklingsavdelinga, byggesak og geodata		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Andel private reguleringsplanar behandla innan lovpålagt avtalt frist	100%	100%
Implementering av reguleringsplanar i kartverk og planregister ajourført fortløpande	50%	100%
Fråvær av vedtak omgjort av fylkesmannen	100%	100%
Kurante bygge og frådelingssaker skal handsamast innan dei fristar som lovverket set	50%	100%
Ajourføring av kart i samsvar med Geovekstavtalen. (Dårleg resultat i 2014 skyldast vakanse i stilling/eigedomskatt-prosjektet.)	30-40 %	100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidersamtalar	0	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	94,4	>95%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)	5	6
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	0 %	0 %

² Sakshandsamarane må følgje dette for at målet kan realiserast

³ Tal frå 2013 eg har medarbeidersamtale på slutten av året

⁴ Sektortal grunna små stabsavdelingar

Plan- og utviklingsavdeling, byggjesak og geodata har 5,75 årsverk fordelt på 6 stillingar: 1 Planleggar/avd.leiar, 2 byggjesakshandsamarar/ingeniør/jurist og 2 ingeniørar innan geodata. Avdelinga har stabsfunksjon under rådmannen.

Ansvars- og arbeidsoppgåver fordeler seg mellom sakshandsaming og rådgjeving i utbyggingssaker, frådelingssaker, ajourføring av digitale kartdata/planregister, kjøp og sal av grunn til ymse utbyggingsføremål, sal av kommunale tomter, plansaksbehandling, kommuneplan, beredskapsplan, klimaplan, reguleringsplanar og kommunale plan- og utviklingsprosjekt m.v.

Avdelinga har nøkkelfunksjonar med til dels spesialiserte oppgåver. Avdelinga har pr. i dag god kompetanse på fagfeltet, men det er viktig å ha fokus på vidare kompetanse-utvikling og rekruttering. Det nye er at frå august 2014 vart avdelinga styrka med 1 ny byggjesakshandsamar med juridisk kompetanse.

6.5.3.6 Styringskort m/kommentar - Brannvern

STYRINGSKORT Brann		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Beredskap: Det skal gjennomførast minst 10 øvingar.	6	10
Beredskap: Ingen ulykke under utrykning.	0	0
Brannførebyggjande: Besøk på/av barnehage. 100 %	100 %	100 %
Brannførebyggjande: gjennomføre alle lovpålagte tilsyn. 100 %	50 %	100 %
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidersamtalar	0 %	100 %
Nærværprosent medarbeidarar ⁵	94,4	
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)		5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)		0 %

Brannvernet skal driftast i samsvar med brann- og eksplosjonsvernlova, samt godkjend brannordning for kommunen.

Brannvernet skal gjennomføre brannførebyggjande tiltak gjennom året som branntilsyn, informasjons tiltak mot bedrifter, skular og barnehagar m.a.

Brannvernet er også den viktigaste beredskapsressursen i kommunen, brannvernet skal ved brann og andre ulykker gjere innsats for å verne liv, miljø og verdier.

6.5.3.7 Mål m/kommentar - NAV kommune

NAV Hareid bygger på dei overordna måla i arbeids- og velferdsforvaltninga om at fleire menneske skal få høve til å kome i arbeid og aktivitet og at færre skal vere på passive stønader. Nav Hareid skal :

- vere eit fullverdig NAV-kontor for innbyggjarane i kommunen
- ha fokus på menneske, mål og resultat
- sikre gode samarbeidsformer og brukarmedverknad

Denne avdelinga har ansvaret for dei lovpålagde kommunale oppgåvene i NAV og samordnar tenestetilbodet med dei statlege tenestene i kommunen. Ved å samordne desse tenestene er målet å gje innbyggjarane eit betre tilbod enn vi greier kvar for oss. Eit av

⁵ Sektortal grunna små stabsavdelingar

hovedmåla med NAV- reformen er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på passive stønader.

Det lovpålagde tilbodet frå den kommunale sosialtenesta er: Råd og rettleiing til sosialt vanskelegstilte, kvalifiseringsprogram for å få langtidsmottakarar av sosialhjelp over i inntektsgjevande arbeid, økonomisk stønad til vanskelegstilte i ein overgangsperiode, gjeldsrådgjeving og hjelp til å skaffe midlertidig husvære.

I Hareid har vi over fleire år, tatt mot flyktningar som vert busett i vår kommune. I tillegg ser vi at kommunen er geografisk attraktiv og ligg sentralt plassert i høve ein stor arbeidsmarknad med stor aktivitet som gjer at ein del utanlandske arbeidsinnvandrarak har valt å busette seg i kommunen.

Rådmannskontoret (administrativ eining)

7 SEKTOR FOR OPPVEKST

Sektorleiar: Kommunalsjef 2014 Oddbjørn Grimstad (konstituert)

7.1 Sektorstruktur

Sektor for oppvekst vert leia av kommunalsjefen og einingsleiarane for fire kommunale skular og tre kommunale barnehagar. Einingsleiarane har sjølvstendige fag-, økonomi- og personalansvar og rapporterer til kommunalsjef. I tillegg vert det for tida drifta ein privat skule og ein privat barnehage.

Dei kommunale tenestene er organisert gjennom sju driftseiningar og ei administrativ eining:

- Bigset barnehage
- Hareid barnehage
- Syverplassen barnehage
- Bigset skule
- Hareid skule
- Hjørungavåg skule
- Hareid ungdomsskule
- Oppvekstkontor – administrativ teneste

7.1.1 Om tenestene

Sektor for oppvekst har ansvar for kommunale oppgåver innan barnehage og grunnskule. Inneverande barnehageår har 285 barn eit tilbod i kommunal eller privat barnehage i Hareid. Ved den offentlege grunnskulen i Hareid er det i inneverande skuleår 585 elevar.

Ved grunnskulane har det fram til no vore tilstrekkeleg tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Alle tilsette i undervisningsstillingar har godkjent utdanning.

På barnehageområdet ser vi ein aukande tendens til mangelfull tilgang på førskulelærarar.

For barnehageåret 2014-2015 er det tilsett kvalifisert personale ved alle kommunale barnehagar. Viktig fokus vidare vert å halde på desse og rekruttere fagutdanna nytt personale, pluss heve den generelle kompetansen.

7.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Oppvekstsektoren vil arbeide for å sikre kvalitet i alle ledd innanfor stramme økonomiske rammer. Arbeidet gjennom året vil ha fokus på lovpålagde tenester og kjerneoppgåver.

7.2 Årsverk og driftstiltak

7.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2013	Årsverk 01.10.2014	Forventa årsverk – Budsjettframlegg 2015
Kommunalsjef	1,00	1,00	1,00
Rådgjevar	1,00	1,00	1,00
Sum adm. Sektor	2,00	2,00	2,00
Bigset skule	14,08	14,59	14,59
Hareid skule	29,87	31,28	31,28
Hjørungavåg skule	11,56	9,47	9,47
Hareid ungdomsskule	28,09	28,67	28,67
Lærlingar	0	0,50	0
Sum skular	83,60	84,51	84,01
Bigset barnehage	14,90	12,05	12,05

Hareid barnehage	10,46	8,70	8,70
Syverplassen barnehage	14,70	12,80	12,80
Læringar	0	0,20	0
Styrka barnehagetilbod	2,34	5,07	5,07
Spes.ped tiltak	2,44	2,52	2,52
Sum barnehagar	44,84	41,34	41,14
Samla årsverk	130,44	127,85	127,15

7.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2015 – 2018 SEKTOR OPPVEKST		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
C0	Sum framskriving av budsjett	2786	2786	2786	2786
C1	Sum tilpasningstiltak	-80	-80	-80	-80
C2	Rusførebyggjande arbeid born 10-12 år Bigset skule	0	0	80	0
C3	Auke klassesdeling Hareid skule	500	500	500	500
C4	Auka barnehagesatsar Bigset barnehage	-75	-75	-75	-75
C5	Gruppe- og yrksesskedeforsikring	15	15	15	15
C6	Auka barnehagesatsar Hareid barnehage	-50	-50	-50	-50
C7	Auka barnehagesatsar Syverplassen barnehage	-95	-95	-95	-95
C8	Gruppe og ulykkesforsikring	15	15	15	15
C9	Tilskot private barnehagar	700	700	1700	1700
	SUM inkludert i ny ramme	3 716	3 716	4 796	4 716

7.2.3 Kommentar til driftstiltaka

C0 Sum framskriving av budsjett

Framskrivinga er basert på ein lønsauke på 3,3%, ein auke i kostnader til kjøp av varer og tenester på 2,3% og ein deflator (brukt på inntekter) på 3,0%.

C1 Sum tilpasningstiltak

Tilpasningstiltak er endringar som er knytta til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsaukeauka men som er nødvendige for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under tilpasningstiltak eller nye tiltak. For detaljar sjå i vedleggsheftet. Dei fleste endringane er knytta til budsjettreguleringa i oktober 2014.

C2 Rusførebyggjande arbeid born 10-12 år Bigset skule

Informasjons- og motiveringstiltak for å hindre tidleg kontakt med rusmidlar for dei eldste klassestega ved skulen.

C3 Auke klassesdeling Hareid skule

Einingsleiars kommentar:

Auke av elevar på 2.trinn som utløyser ei klassesdeling frå ei til to klasser. 7.trinn går ut med ei klasse. Det kjem to nye klasser inn.

Rådmannen finn ikkje rom for meir ei klassesdeling. Klassesdeling utover dette må innpassast i eksisterande budsjett.

C4 Auka barnehagesatsar Bigset barnehage

Den auka inntekta er knytta til statsbudsjettforslaget som opnar for ein auke i foreldrebetalinga med kr 175 pr. barn og månad.

C5 Gruppe- og yrkesskadeforsikring Bigset barnehage

Dette er ei utgift som ikkje er budsjetttert.

C6 Auka barnehagesatsar Hareid barnehage

Den auka inntekta er knytta til statsbudsjettforslaget som opnar for ein auke i foreldrebetalinga med kr 175 pr. barn og månad.

C7 Auka barnehagesatsar Syverplassen barnehage

Den auka inntekta er knytta til statsbudsjettforslaget som opnar for ein auke i foreldrebetalinga med kr 175 pr. barn og månad.

C8 Gruppe og ulykkesforsikring Syverplassen barnehage

Dette er ei utgift som ikkje er budsjetttert.

C9 Tilskot private barnehagar

Tiltaket er utrekna utifrå gjeldande regelverket og føresetnader elles.

7.2.4 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2015	ØP2016	ØP2017	ØP2018
I - 24	Bigset skule - ombygging dusj/WC	350			
I - 25	Hareid ungdomsskule, ny drenering			600	
I - 26	Barnehagar, vognskur Syverplassen	600			
I - 27	Barnehagane, sikringstiltak	300			
I - 28	Syverplassen barnehage-Utviding av parkeringsplass	150			
I - 29	Bigset barnehage, vognrom/tilbygg				600
Sum sektor for oppvekst		1 400	0	600	600

7.2.5 Kommentar til investeringsstiltaka

I - 24 Bigset skule - ombygging dusj/WC

Prosjekt overført frå 2014

I - 25 Hareid ungdomsskule, ny drenering

Hareid ungdomsskule har gjennom mange år hatt problem med drenering som har lite fall og dårleg avrenning. Ny drens må prosjekterast/byggast. Berre anslag på kostnad.

I - 26 Barnehagar, vognskur Syverplassen

Prosjekt overført frå 2014

I - 27 Barnehagane, sikringstiltak

Alle våre 3 barnehagar har gjerder som er for lave i forhold til den nye norma. Gjerdet i ein av barnehagane har begynt å rotne.

Andre gjerder er generelt ikkje i tilfredsstillande stand.
Ein av barnehagane har ein farlig steinmur som må sikrast.

I - 28 Syverplassen barnehage-Utviding av parkeringsplass

Syverplassen barnehage manglar parkeringsplassar for dei tilsette og egna bringe-/hente plass for foreldre.

I - 29 Bigset barnehage, vognrom/tilbygg

Bigset barnehage manglar rom for oppbevaring av barnevogner.

7.3 Overordna målsettingar

7.3.1 Hovudmål

Sektor for oppvekst skal yte gode tenester i tråd med lover og regelverk som gjeld for sektoren, viser særleg til Opplæringslova §1-1 og Barnehagelova §1. Sektoren skal leggje til rette for trygge og stimulerande oppvekstmiljø for alle brukargrupper som mottak tenester frå sektoren. Sektoren skal skape arenaer og miljø for utvikling, meistring og læring.

7.3.2 Utviklingsmål

- Sikre gode læringsmiljø/psyko-sosiale miljø som fremjar god utvikling og læring.
- Gi eit undervisningstilbod til elevane i grunnskulen som er tilpassa den enkelte eleven sine evner og føresetnader.
- Oppfylle plikt til å skaffe barnehageplass til alle som har slik lovfesta rett.
- Arbeide for oppgradering av bygningsmasse/uteområde i barnehagane
- Ivareta plikter og rettar overfor brukarar samtidig med at dei økonomiske rammene set krav til omfang og organisering av tenestene.
- Arbeide for å styrke fokus på budsjettet som styringsverktøy og redusere avviket mellom budsjett og rekneskap.
- Utvikle vidare arbeidet med styringskort for einingane.

STYRINGSKORT GRUNNSKULE		
	Status	Mål
Resultatmål	2013	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Opplevd mobbing 7.trinn, på landsgjennomsnitt (skala 1-5, lav verdi = lite mobbing)	1,6	1,4
Opplevd mobbing 10.trinn, på landsgjennomsnitt (skala 1-5, lav verdi = lite mobbing)	1,2	1,1
Elevane si oppleving av faglege utfordringar 10.trinn, på landsgjennomsnitt (skala 1-5, høg verdi = positivt resultat)	3,9	4,1
Leseferdigheit 5.trinn, på landsgjennomsnitt: (prosent av elevmasse)		
Meistringsnivå 1 (lavast)	31,6%	27,5%
Meistringsnivå 2	52,6%	47,4%
Meistringsnivå 3 (høgst)	15,8%	25,1%
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, som K-gruppe 1	10,7%	10,5%
Antal timar til spes.underv. av antal lærartimar totalt, som K-gruppe 1	26,2%	17,9%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidersamtalar		100%
Nærversprosent medarbeidarar	91,5%	93%
Stoltheit over arbeidsplassen (skala 1-6)		4
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf. - / mindref. +)	-4%	0%

Styringskortet er felles for Bigset skule, Hareid skule, Hjørungavåg skule og Hareid ungdomsskule. Måltal som er nytta i styringskortet er henta frå elevundersøkinga, nasjonale prøver, KOSTRA, medarbeidarundersøking «bedrekommune» og budsjett/rekneskap. Viser også til Tilstandsrapport for grunnskulen i Hareid 2012.

STYRINGSKORT barnehage		
	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Tilbod om 2 strukturerte kontaktmøte per barn per barnehageår *	100%	100%
Alle barn med kartlagt behov for styrka tilbod, skal ha positiv utvikling		100%
Alle 4 og 5 åringane skal ha ein strukturert barnesamtale per barnehageår.		100%
I kor stor grad synes du at ditt barn opplever godt vennskap med andre barn?		100%
I kor stor grad er du nøgd med barnehagen sin interesse for dine synspunkt?		
I kor stor grad er du nøgd med barnet ditt sine mulegheiter for å vere med å bestemme innhaldet i barnehagen?		100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomførte medarbeidarsamtalar		100 %
Nærværprosent medarbeidarar		93%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)		5/6
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./-mindref.+)		0 %

- Planlagt systematisk strukturert samtale

Styringskortet er felles for Bigset barnehage, Hareid barnehage og Syverplassen barnehage.

8 SEKTOR FOR VELFERD

Sektorleiar: Kommunalsjef Elly Kirkeslett

8.1 Sektorstruktur

Sektor for velferd vert leia av kommunalsjef. Det er fem einingsleiarar som har sjølvstendig ansvar for kvar sine resultateiningar. Dei rapporterer til kommunalsjef.

- Helse og koordinerande eining.
- Eining for Bu- og habiliteringsteneste
- Sjukeheim - Somatisk eining (korttidsavdeling og buavdeling) .
- Sjukeheim -Skjerma eining
- Eining for Heimetenester -heimesjukepleie og omsorgsbustadar og praktisk bistand.

Velferdskontoret har administrative funksjonar for heile sektoren. Institusjonssjøkket er leia av kjøkkensjef med delegert ansvar for personal, økonomi og dagleg drift av kjøkket. Kommuneoverlege og sjukeheimslege er til saman 100% stilling.

8.1.1 Om tenestene

Sektor for velferd yter tenester etter Helse og omsorgstenestelova. Etter krevjande omstillingar har sektor for velferd fått ei organisering som pr. i dag vert opplevd som godt tenleg. Samarbeid på tvers av einingane fungerer særst godt.

Utfordringa er å styre innafor dei stramme økonomiske rammene i ei tid der samfunnsutviklinga ber preg av mange born, unge og unge vaksne som har behov for og har krav på tenester.

Folkehelse og førebyggjande arbeid vert endå viktigare for å unngå store negative konsekvensar av usunt levestil og seinverknadar på grunn av manglande tiltak på eit tidleg tidspunkt. Helsestøttenesta er særleg viktig i dette arbeidet i tillegg til folkehelsekoordinator som spyspiss for alt folkehelsearbeid i kommunen.

Psykiatritenesta er eit viktig lågterskeltilbod for alle aldersgrupper.

Sektoren har fokus på at flest mogleg eldre kan bu lengst mogleg i eigen heim. Rehabilitering etter sjukdom og skade må ha høg prioritet for å nå dette målet.

Dagsenteret har stor pågang frå heimebuande eldre. Særleg ser vi eit stort behov for eige dagsenter for heimebuande med demenssjukdom. Dette krev styrking med personalressurs. Bu- og habiliteringstenesta har store utfordringar i høve avlastning og miljøterapeutisk arbeid til unge vaksne som flyttar i eigen bustad.

Sektoren har rekrutteringsvanskar i høve sjukepleiarar og vernepleiarar. Døgndrift fører til ekstra store belastningar for leiarar med ansvar for døgndrift 365 dagar i året. Mangel på rett kompetanse kan føre til fare for pasientsikkerheita.

8.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Regjeringa har i fleire meldingar mange strategiar og brei satsing innafor helse og omsorg. – «HelseOmsorg21Strategien». Nokre av desse er:

- Auka brukarmedverknad og pasientsikkerheit
- Kunnskapsløft , effektiv og lærande tenester
- Helsedata og elektronisk samhandling
- Strategisk og kunnskapsbasert styring
- Folkehelse

Regjeringa si hovudprioritering i statsbudsjett for 2015 er blant anna :

- Auka kapasitet og kvalitet i omsorgstenestene -herunder dagaktivitetsplassar for personar med demens.
- Psykisk helse og rus- herunder styrking av kommunale tenester til personar med rus- og/eller psykiske vanskar. Ny opptrappingsplan for området .
- Helsestasjon- og skulehelseteneste.
- Elektronisk samhandling

Av desse siste punkta er det i statsbudsjettet merka at Hareid kommune får styrka helsestasjon og skulehelsetenesta med overføring i rammetilskotet med kr 396 000. Dei andre tiltaka er ikkje nemnd spesifikt i kroner. Kommunane kan søkje tilskot frå sentrale avsette midlar. Svært sjeldan vert det gitt støtte til auke i stillingar.

Kommunal medfinansiering av spesialisthelseteneste fell vekk frå 2015.

Tilskot til øyeblikkeleg hjelp (ØH) døgnplass går inn i siste året .

Hareid kommune har til og med 2014 hatt eit eige ansvar (4026) for samhandlingsreforma. Rådmannen vil i 2015 vurdere om det er meir tenleg å synleggjere ØH under 4023-somatisk eining.

8.1.2.1 Kommunestyret i Hareid har i vedtak lagt følgande føringar med konsekvensar for sektor for velferd:

- Folkehelsekoordinator vert organisert under sentraladministrasjonen frå 01.01.2015. Sektor for velferd må i den samanheng sørge for ei innsparing på kr 125 000 p.g.a. tap av refusjon som går til sentraladministrasjonen.
- Tilsettingsstopp. Dette medfører at sektoren ikkje har mynde til å gjere tiltak som til dømes reduserer bruk av vikarar og overtid.
- Avtale med sjukehuset i Volda om legevaktsamarbeid og naudnett. Dette medfører Kr 20000 i årlege tekniske driftsutgifter, linjeleige, mm.
- I 2013 var det gjort vedtak om at det skulle arbeidast med prosjektering av nye bustadar i felles tun for unge vaksne som treng tett oppfølging og tenester. Prosjektering er ikkje kome med i 2015.
- Nytt helsesenter. Velferd har førebudd ei politisk sak hausten 2014. Det er uvisst når den kjem opp til handsaming.
- Sansehage. Grunnarbeidet har blitt utsett fleire ggr. Beburane ved skjerma avdeling treng eit uteareal med utgang rett frå avdelinga. Ved god utforming , kan dei får høve til å bevege seg fritt utandørs. Investeringsbudsjett kr 150 000.
- Nye tryggleiksalarmar. Dei analoge alarmane må skiftast ut til linjer for mobil eller internett. Dette var innarbeidd for 2014. Helsedirektoratet ba kommunane vente på anbefalte tilrådingar. Tilrådingane er snart klare og Hareid må setje i gang arbeidet så snart som råd. Investering på Kr 300 000.- er innarbeidd i rådmannen sitt forslag.

8.2 Årsverk og driftstiltak

8.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2013	Årsverk 01.10.2014	Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2015
Velferdskontor	2,00	2,50	2,50
Helse og koordinerende eining	12,10	12,10	12,50**
Skjerma eining	14,58	11,26	11,26
Somatisk eining	18,47	22,90	22,90
Kjøkken	5,36	4,29	4,29
Heimetenestene	21,84	20,73	20,73
Bu og habiliteringseininga	19,01	25,41	25,41
Samla årsverk	93,36	99,19*	99,59**

*Auke i årsverk: Bu og habilitering fekk 4,5 nye årsverk. I tillegg rettmessig auke i faste stillingar Jf. AML§14.9.

**Auke i årsverk: 0,4 årsverk til styrking av dagsenter

8.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2015 – 2018 Sektor for Velferd		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
D0	Sum framskriving av budsjett	2870	2870	2870	2870
D1	Sum tilpasningstiltak	-4999	-4999	-4999	-4999
D2	Kursutgifter	12	12	12	12
D3	Reiseutgifter	8	8	8	8
D4	Legevaktsjef	90	90	90	90
D5	Støttekontakt - auke i lønnsutgifter	100	100	100	100
D6	Ny stilling dagsenter	240	240	240	240
D7	Lisensar	80	80	80	80
D8	Gruppe og yrkesskadeforsikring	100	100	100	100
D9	Alarm/varslingsystem	10	10	10	10
D10	Tekstilteneste til tilsette i heimetenestene	70	70	70	70
D11	Velferdsteknologi/mobiltelefonar	25	25	25	25
D12	Pensjonsgivande tilleggsløn	285	285	285	285
D13	Pedagogisk utstyr	30	30	30	30
	SUM inkludert i ny ramme	-1 079	-1 079	-1 079	-1 079

D0 Sum framskriving av budsjett

Framskrivinga er basert på ein lønsauke på 3,3%, ein auke i kostnader til kjøp av varer og tenester på 2,3% og ein deflator (brukt på inntekter) på 3,0%.

D1 Sum tilpasningstiltak

Tilpasningstiltak er endringar som er knytta til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsaukeauke, men som er naudsynt for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under tilpasningstiltak eller nye tiltak. For detaljar sjå i vedleggsheftet. For denne sektoren gjeld det statsbudsjettforslaget om å

ta bort medfinansieringsordninga for sjukehusa med 5,4 mill. kr samt budsjettregulering oktober 2014 for somatisk eining.

D2 Kursutgifter

Det er ikkje sett av noko på budsjettet til kursutgifter for fleire faggrupper i ansvarsområdet.

D3 Reiseutgifter

Manglande budsjettering for Helse- og koordinerande eining.

D4 Legevaktsjef

Politisk sak oktober 2014. Nye krav til legevakta med internkontroll, kvalitetssystem og godkjenning av legar, krev ein felles legevaktsjef for Hareid og Ulstein.

D5 Støttekontakt - auke i lønnsutgifter

Dette gjeld ansvar for psykiatri. Sektoren tilrår å auke i lønnsramma til støttekontakt med kr 150 000. Kommentar frå einingsleiar: *«Lønnsbudsjettet for støttekontakt var underbudsjettet då velferd tok over ordninga frå Nav 2012. Dette er ei rimelig form for tenester som kan medverke til ein betre kvardag for brukarane, samt avhjelpe behov for langt meir kostnadskrevjande og omfattande tenester.»* Rådmannen finn dette viktig, og går inn for å auke innsatsen med kr 100 000.

D6 Ny stilling dagsenter

Kommentar frå einingsleiar:

«Ny 80% stilling dagsenter. Frå 2015 er det lovpålagt med dagsenter for heimebuande demente. For å kunne gje tilfredsstillande tilbod til fleire i denne brukargruppa må vi auke personalressursen ved dagsenteret. Målet er eigne dagar for den gruppa. Det vil kunne bidra til at dei kan bu heime lenger, samt minske trykket på sjukeheimsplassar.»

Rådmannen finn ikkje å kunne gå inn for meir enn halvparten av det føreslegne beløpet.

D7 Lisensar

Dette gjeld ansvar for velferds kontor. Grunna auke i bruk av lisensar – manglar sektoren kr 80 000 på inneverande års driftsbudsjett. Dette gjeld for heile sektoren (TV, Triangel, Norwaco, PPS, Sampro, Betre kommune m.m.)

D8 Gruppe og yrkesskedeforsikring

Dette gjeld ansvar for omsorgs kontor. Lovpålagt utgift. Sektor for velferd manglar totalt kr 100 000 på denne utgiftsposten

D9 Alarm/varslingssystem

Dette gjeld ansvar for velferds kontor.

Kommentar frå sektorleiar:

«kr 60 000,- til alarm og varslingssystem. Tilsette som arbeider med psykiatri og rus, tilsette på oppdrag ute på natt samt i andre tenesteoppdrag opplever truande situasjonar og åtferd frå brukarar. Det er viktig at tilsette kan kjenne seg trygge i ulike

arbeidssituasjonar. Det er starta ein prosess med å finne eit varslingsystem som kan nyttast.»

Det er ikkje avklart kva løysing som er aktuell, og rådmannen avset kr 10 000 til å gjennomføre dette arbeidet (rådgjevingsteknader).

D10 Tekstilteneste til tilsette i heimetenestene

Pålegg frå Arbeidstilsynet om personaltøy til tilsette i heimesjukepleia. Var nytt tiltak i 2014.

Avsett ramme er for lita og må aukast for 2015.

D11 Velferdsteknologi/mobiltelefonar

Dette gjeld ansvar for heimesjukepleie. Innkjøp av 10-12 mobiltlf som støttar windows. Dette for å kunne ta i bruk elektronsike arbeidslister som effektiviserer arbeidsflyten. I sju-stjernesamarbeidet er det bestemt at alle kommunar bør ta i bruk elektroniske arbeidslister .

D12 Pensjonsgivande tilleggsløn

Dette gjeld ansvar for Bu- og habilitering, Pensjonsgjevande tilleggsløn kr 300 000. Auke i tillegg for kveld, laurdag/søndag og helgedagar. Eininga har fått fleire stillingar p.g.a. auka omfang i tenesteyting. Dette inneber auke i fast , pensjonsgjevande tillegg.

D13 Pedagogisk utstyr

Dette gjeld ansvar for Bu- og habilitering. Fleire barn ved avlastning. Det er stort behov for pedagogisk utstyr som kan fremje utvikling og bidra til innhald i den tida borna er på avlastning. Eininga manglar aktivitetsleiker. Behov for å kunne nytte PC og kanon ved fellesmøter og i opplæring og kompetanseheving av personalet.

8.2.3 Investeringsiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt

nummer	Investeringsutgifter	B2015	ØP2016	ØP2017	ØP2018
I - 30	Tryggleiksalarmar / analoglinje	300			
I - 31	Sjukeheimen, adgangskontroll		250		
I - 32	Taktekking sjukeheimen		1 600		
I - 33	Sansehage	150			
I - 34	Utebod Hjellebakken	450			
I - 35	Hjellebakken golvbelegg m.m.	100			
Sum sektor for velferd		1 000	1 850	0	0

8.2.4 Kommentar til investeringstiltaka

I - 30 Tryggleiksalarmar/analogline

Var lagt inn i investeringsbudsjettet for 2014. Ein avventar sentrale retningslinjer frå Helsedirektoratet, og derfor er prosjektet overført til 2015.

I - 31 Sjukeheimen, adgangskontroll

Kommentar frå kommunalsjef:

Sterkt behov for å få på plass adgangskontroll for å sikre dei tilsette og bebruarane på sjukeheimen. 13 utgangsdører må sikrast adgangskontroll.

Prosjektet er ikkje utgreidd/prosjektert med om syn på løysing. Det oppførte beløp er avkorta og tenkt nytta til utgreiing og eventuelt ei redusert løysing.

I - 32 Takteking sjukeheimen

Kommentar frå einingsleiar bygg:

Taket på sjukeheimen er i elendig forfatning. Takbelegget på gamledelen er så dårleg/ sprøtt, at det er vanskeleg å foreta nødtetningar ved stadige lekkasjar.

Taktekkjar har informert oss om at vi får håpe på ein fin vinter, så vi slepp lekkasjar.

Brakar det laust med mange lekkasjar her, må mange pasientrom evakuerast.

Prosjektet er skjøve ut til 2016 med håp om ein fin vinter.

I - 33 Sansehage

Prosjekt overført frå 2014

I - 34 Utebod Hjellevbakken

Prosjekt overført frå 2014

I - 35 Hjellevbakken golvbelegg m.m.

Det er behov for nytt golvbelegg m.m. særleg med omsyn til reinhald.

8.3 Overordna målsettingar

8.3.1 Hovudmål

- Helse- og omsorgstenestene i Hareid kommune skal møte innbyggjarane med respekt og likeverd.
- Tenestene skal vere tilgjengelege og samordna av godt kvalifisert personell og gode leiarar.
- Kommunen skal ha fokus på forsvarlege tenester innafor tildelte økonomiske rammer.

8.3.2 Utviklingsmål

- Folkehelsearbeidet og førebyggjande tiltak skal utviklast og vere særleg retta mot born, unge og familiar for å førebygge psykiske vanskar blant born og unge.
- Teneste til personar med rus og psykiske vanskar skal ha høg prioritet.
- Arbeide for verdige butilhøve for unge vaksne med nedsett bu- og arbeidsevne

- Tenestene skal legge stor vekt på samarbeid og bidra til at eldre kan bu lengst mogleg i eigen heim. Brukar og pårørende skal medverke i tenesteutforminga.
- Heimetenestene må utviklast til å meistre eit utvida spekter av behandling i heim.
- Aktivitet og dagtilbod for heimebuande med demens skal utvidast.
- Godt samarbeid med fastlegane om bruk av øyeblikkeleg hjelp i sjukeheim der dette kan erstatte innlegging i sjukehus.
- Kompetansutvikling for tilsette for å yte god kvalitet og verdige tenester.
- Gjennomføre det nasjonale utviklingsprosjektet : «Samarbeid om etisk kompetanseheving» i regi av KS og Helse- og omsorgsdep. (oppstart hausten 2014).
- Vidareføre metodane frå pasientsikkerheitskampanjen om legemiddelhandtering som permanente tiltak i sjukeheim og heimetenester.
- Auke forståing og bruk av elektronisk samhandling i helsetenesta blant tilsette.
- Skaffe kunnskap om velferdsteknologi og korleis Hareid kommune kan nytte dette.
- Å tilpasse tenestene til budsjetttrammer som er vedteke av kommunestyret.

8.3.2.1 Helse og koordinerande eining

STYRINGSKORT VELFERD		
Helse og koordinerande eining	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet: Dagsenter for eldre		
Vert handsama med respekt (N=5,8)**	-	5,8
Får vere med å påverke aktivitetstilbodet(N=4,8)**	-	4,8
Trives på dagsenteret(N=5,7)**	-	5,7
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet: Helsestasjon 0-23 mnd.		
Dei tilsette er lydhøyr for behov (N=5,2)**	-	5,2
Tillit til råd og rettleiing som vert gitt ved helsestasjon(N=5,2)**	-	5,2
Andel nyfødde med heimebesøk innan 2 veker etter heimkomst***	-	100%
Andel born som har fullført helseundersøking ved 2-3års alder ***	-	100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar*	100%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar*	95%	95%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (N=4,5)**	-	4,5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./-mindref.+)	+4,8%	0 %

*Eigen statistikk. ** Betre kommune (N = landssnitt). ***KOSTRA

Helse og koordinerande eining består av helsestasjon, skulehelseteneste, jordmorteneste, psykiatriteneste med dagsenter, dagsenter for eldre heimebuande, ergoterapiteneste, kommunal og privat fysioterapi, støttekontaktordning, koordinerande eining og privat legeteneste.

I tillegg til måla i styringskortet vil eininga i 2015 gjere desse prioriteringane:

- Eininga skal med sin spisskompetanse vere pådrivarar i habilitering- og rehabiliteringsarbeidet på tvers av einingane og elles i kommunen.
- Vere pådrivar i arbeidet med kvardagsrehabilitering i nært samarbeid med heimetenesta og somatisk eining.
- Starte opp dagsentertilbod for heimebuande med demenssjukdom.

- Eininga skal setje i verk tiltak til brukarar og innbyggjarar for å fremje folkehelse og vere spydspiss i førebyggjande arbeid blant born, unge og deira familiar.
- Førebygging og oppdaging av vald i nære relasjonar skal prioriterast.
- Styrke samarbeidet med sosialtenesta i høve personar med rus og psykiatrivanskar

For å nå desse måla må eininga:

- Auke personalressurs med 0.8 årsverk til dagsenter for eldre for å kunne gi eige tilbod til personar med demens. Rådmannen har forslått 0,4årsverk.
- Auke personalressurs til helsestasjon og skulehelseteneste i tråd med regjeringa si prioritering i statsbudsjettet .I rammeoverføringane til Hareid kommune har regjeringa forslått ei styrking til dette arbeidet på kr 396000. Det er ikkje gitt rom for auke i stillingsressurs i rådmannen sitt forslag.
- Samarbeide tett med sosialtenesta og deira styrking av ressursar i høve personer med rus og psykiske vanskar.
- Disponerer vaktmeisterteneste for utkøyring, montering og reparasjon av hjelpemiddel, samt køyring av brukarar til og frå dagsenter.

8.3.2.2 Bu- og habiliteringseininga

STYRINGSKORT VELFERD		
Bu og habilitering	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Brukarar med behov for koordinerte tenester over tid, har ein koordinator*	-	100%
Dei tilsette held avtalar som vert gjort (N=5,2)**	-	5,2
I kva grad trives brukar med jobb/dagaktivitet (N=5,2)**	-	5,2
I kva grad er brukar fornøgd med fritidsaktivitetane (N=4,6)**	-	4,6
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	95,5%	95%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (N=4,5)**	-	4,5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf.-/mindref.+)	-0,9%	0 %

*Eigen statistikk ** Betre kommune -brukerundersøking

Bu og habiliteringstenesta yter tenester til følgjande grupper:

- Vaksne psykisk utviklingshemma i bustad.
- Avlastning til born og unge med særleg krevjande omsorgsbehov.
- Unge vaksne i eigen bustad som treng miljøarbeid i heimen.

I tillegg til måla i styringskortet vil eininga i 2015 gjere desse prioriteringane:

- Brukarane skal i større grad medverke til avgjerder som påverkar deira trivsel i kvardagen. Brukarmedverknad.
- Brukarane må få høve til meir deltaking i fritidsaktivitetar.
- Arbeidsgjevar må legge til rette for at tilsette får auke sin kompetanse innan miljøarbeid og miljøterapi. Dette ved deltaking i kurs og vidareutdanning.

- Arbeidsgjevar skal legge til rette for at tilsette skal trives på jobb og vere stolt over eigen arbeidsplass. Dette vil auke nærvær, og redusere lønsutgifter.

For å nå desse måla må eininga:

- Ha kontinuitet i personalgruppa.
- Rekruttere tilsette med rett fagleg kompetanse og personlege eigenskapar.
- Dei bygningsmessige arbeidsforholda må utbetrast

8.3.2.3 Sjukeheimen

Felles styringskort for begge sjukeheimseiningane

STYRINGSKORT VELFERD		
Hareid SJUKEHEIM	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Antal liggedøgn i sjukehus for utskrivingsklare pasientar*	37	0
Fråvær av alvorleg fall ***	-	0
Opplever høve til privatliv (N=4,9)**	-	4,9
Er fornøgd med maten som vert servert til bebuar (N=4,8)**	-	4,8
Er fornøgd med deltaking i aktivitetar (N=3,5) **	-	3,5
Ved skjerma eining skal pårørande få tilbod om samtale ein gong pr. år	100%	100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	94%	95%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (N=4,5)**	4,5	4,5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf.-/mindref.+) (P.g.a. omorganiseringar har vi ikkje tilfredsstillande tal for denne eininga 2013)	-	0 %

*eigen statistikk ** Betre kommune (pårørandeundersøkinga)

*** Alvorlege fall = gradering i kategori 3-6

8.3.2.4 Skjerma eining

Skjerma eining har 17 pasientar. Alle har eige rom. Målgruppa er personar med demens som vert vurdert til å trenge skjerming p.g.a. åtfærd og redusert forståing av sosiale normer.

I tillegg til måla i styringskortet vil eininga i 2015 gjere desse prioriteringane:

- Skjerma eining skal ha ei arbeidsform som er tilpassa personar med særleg krevjande kognitiv svikt.
- Tenesta skal vere tilpassa person og grupper.
- Tilsette skal gjennomføre kompetanseopplegget Demensens ABC del 2 og ta del i prosjektet etisk kompetanseheving.
- Tilsette skal få tilbod om kurs og vidareutdanning som kan betre tilbodet til pasientane.
- Leiinga skal arbeide for å styrke grunnbemanninga og rekruttere helsepersonell med rett kompetanse.

For å nå desse måla må eininga:

- Få tilført fleire stillingar i form av ein opptrappingsplan. Sjukepleiarkompetanse skal prioriterast . Det er ikkje gitt rom for auke i stillingsressurs i rådmannen sitt forslag.

- Arbeidsgjevar må legge til rette for kompetanseutviklinga kan gjennomførast.

8.3.2.5 Somatisk eining

Eininga har to avdelingar med til saman 31 plassar + ein plass for øyeblikkeleg hjelp. Det er eit dobbeltrom som primært skal nyttast til korttidsplassar eller ektefeller. Kommunestyret har

vedteke at dei som har langtidsvedtak så langt råd skal ha einerom. I tillegg har regjeringa bestemt at pasientar med langtidsvedtak som vert lagt på dobbeltrom utan sjølv å ønske det, får redusert eigenandel i høve vederlagsforskrifta.

I tillegg til måla i styringskortet vil eininga i 2015 gjere desse prioriteringane:

- Pasientflyt skal primært skje på korttidsavdelinga. Dvs. at alle avlastningsopphald, vurderingsopphald og korttidsopphald skal skje her.
- Å ta imot utskrivingsklare pasientar frå første dag.
- Øyeblikkeleg hjelp-plassen skal nyttast berre til denne pasientgruppa og berre lege kan legge inn pasientar som ø-hjelp.
- Det må til kvar tid vere minimum to sjukepleiarar på vakt ved somatisk eining p.g.a. ø-hjelpsplassen. (i tillegg til sjukepleiar ved skjerma).
- Alle pasientar med korttidsopphald skal få ein plan for oppfølging ved hjelp av tverrfagleg møte og samarbeid med pasient og ev. pårørande.
- Korttidsavdelinga skal samarbeide med helse og koordinerande eining og heimetenestene i arbeidet med kvardagsrehabilitering og tilrettelegging i heimen, slik at innbyggjarar i kommunen kan bu lengst mogleg i eigen heim.
- Alle pasientar skal oppleve ei verdig, trygg og god omsorg i møte med tilsette.
- Leiar skal sørge for at drifta vert organisert på ein god og effektiv måte for å ivareta nye oppgåver i samhandlingsreforma, elektronisk meldingsutveksling og dokumentasjon.
- Fagkoordinatorane skal medverke til god opplæring og informasjonsflyt.
- Alle tilsette skal ta ansvar og medverke til god internkontroll og at rutinar og prosedyrar vert fylgt.
- Turnus og arbeidsplanar skal vere forsvarlege for å ivareta ei verdig omsorg og pasientsikkerheit.

For å nå desse måla må eininga:

- Få tilført 100% sjukepleiarstilling for å sikre at somatisk eining til kvar tid har to sjukepleiarar på vakt. Det er ikkje gitt rom for auke i stillingsressurs i rådmannen sitt forslag.
- Alle tilsette må ta del i kompetansehevande kurs eller vidareutdanning etter behov.
- Det må leggjast til rette i arbeidsplanen slik at utvikling, fornying og samarbeid er mogleg.

8.3.2.6 Eining for Heimetenester

STYRINGSKORT VELFERD		
Heimetenestene	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Brukarar med fire medikament eller meir skal ha årleg legemiddelgjennomgang***		100%
Brukar får den hjelpa som han/ho treng for å kunne bu heime (N=5,2)**	-	5,2
Opplever å verte møtt med respekt (N=5,5)**	-	5,5
Føler seg trygg med den hjelpa som vert gitt (N=5,2)**	-	5,2
Brukar å opplever å få god informasjon om tildelte tenester (N=4,8)**	-	4,8
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidersamtalar*		100 %
Nærværprosent medarbeidarar*	94%	94%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (N=4,5)**	-	4,5
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.)*	-0,3%	0 %

*eigen statistikk ** Betre kommune – skala 1-6. ***brukarar med vedtak om teneste

Eininga utgjer heimesjukepleie, omsorgsbustadar og praktisk bistand, brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn. Hareid kommunestyre har vedteke at heimetenester skal ha høg prioritet. Eininga yter teneste til:

- Heimebuande i alle aldrar som bur i krinsane
- Til personar i omsorgsbustadar på Hadartun

I tillegg til måla i styringskortet vil eininga i 2015 gjere desse prioriteringane:

- Heimetenestene skal samarbeide med helse og koordinerande eining og kortidsavdelinga i arbeidet med kvardagsrehabilitering og tilrettelegging i heimen, slik at innbyggjarar i kommunen kan bu lengst mogleg i eigen heim.
- Vere særleg merksam i høve pasientar og brukarar som har tegn på demenssjukdom for å gi informasjon og hjelp i primærheim eller høgare omsorgsnivå.
- I samarbeid med Demensforeninga, sørge for at pårørandeskule for demente vert gjennomført.
- Tilsette gjennomfører opplæring og kompetanseheving i Demensens ABC del 2
- Ta del i planlegging av dagsenter for demente.
- Tilsette får opplæring og kunnskap om kvardagsrehabilitering.
- Auke kunnskap om velferdsteknologi .
- Nytte elektronisk meldingsutveksling for rask og effektiv kommunikasjon.
- Ta i bruk nye tryggleiksalarmar.

For å nå desse måla må eininga:

- Behalde alle årsverk og rekruttere nye medarbeidarar med rett kompetanse ved turnover.
- Arbeidsplan og turnusar må legges til rette for samhandling og samarbeid i sektoren.
- Skape kultur og haldningar for kompetanseutvikling
- Økonomiske investeringsmidlar for utskifting av tryggleiksalarmar.

8.3.2.7 Kjøkken

Kjøkken har ikkje eige styringskort. Sjå elles styringskort for institusjon.

Institusjonskjøkkenet sørger for

- All mat og ernæring til pasientar ved sjukeheimen.
- Bebuarar i omsorgsbustadar har høve til å kjøpe middag og ha måltida i spisesalen.
- Heimebuande som har vanskar for å lage middag får dette bringa etter avtale
- Kjøkkenet driv catering til kommunale møter og arrangement i det omfang som kjøkkenet til kvar tid har høve til ut frå ressursane.

Kjøkkenet skal gjere desse prioriteringane i 2015:

- Innføre Nasjonale føring i høve Matinformasjonforeskrifta som trer i kraft 13.12.14 ved å ta i bruk matmerkingssystemet AIVO
- Rekruttere lærlingar til kokkelaget for institusjonskjøkken.
- Sørge for god kvalitet på maten og rett ernæring til pasientar og brukarar

8.3.2.8 Velferds kontor

Velferds kontor er fagleg og administrativt sektorovergripande.

Kontoret jobbar med førefallande administrativt arbeid, fakturering, vederlag , resepsjon og sentralbord i sektoren. Ansvar for oversikt av bygninga Hadartun, innkjøp og rådgjeving med omsyn til budsjett og rekneskap.

Kontoret skal i 2015 gjere desse prioriteringane:

- Vederlagsbetaling : samarbeide tett og godt med NAV, pasient/pårørande og økonomiavdelinga. Delta på interkommunalt nettverk for fagområdet.
- Faktura: fakturering i høve vederlag, eigenbetaling for korttidsopphald, opphald før fast trekk, heimehjelp, tryggleiksalarm, matombering m.m. Halde tidsfristar og ha oversikt.
- Statistikkar : sørge for kontinuerleg statistikk og nøyaktig oversikt over pasientflyt Hovudansvar for Kostrapportane i sektoren.
- Rettleie leiarane i høve budsjett og rekneskap og grunnlag for fakturering av nokre tenester.

9 SEKTOR FOR NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING

Sektorleiar: Kommunalsjef Oddbjørn Grimstad

9.1 Sektorstruktur

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling vert leia av kommunalsjefen og einingsleiarane for biblioteket, musikk- og kulturskulen og Ressurssenteret. Einingsleiarane har sjølvstendige fag-, økonomi- og personalansvar og rapporterer til kommunalsjef.

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling omfattar desse resultateiningane:

- Kulturkontoret
- Ressurssenteret
- Biblioteket
- Hareid Musikk- og Kulturskule
- Trusamfunn
- Næringstiltak

9.1.1 Om tenestene

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling har ansvar for kommunale tenester som musikk- og kulturskule, bibliotek, vaksenopplæring, flyktningkontor, introduksjonsprogram, Hareid sokn, trussamfunn, kommunal kulturpolitikk, kontakt med frivillig sektor, prosjekt innan næring og utvikling av Hareids-samfunnet.

9.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeid

Arbeidet i sektoren vil vere å sikre kvalitet i alle einingar innanfor stramme økonomiske rammer. Ein vil fokusere på lovpålagde tenester og kjerneoppgåver, og arbeide så langt råd er for ei effektivisering av drifta.

9.2 Årsverk og driftstiltak

9.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2013	Årsverk 01.10.2014	Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2015
Kommunalsjef	1,00	1,00	1,00
Sum adm. sektor	1,00	1,00	1,00
Kultur	0,31	0,31	0,31
Hareid Musikk og Kulturskule	4,59	4,28	4,28
Biblioteket	1,55	1,35	1,55
Ressurssenteret	8,47	7,49	7,49
Samla årsverk	15,92	14,43	14,63

9.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2015 – 2018		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
E0	Sum framskriving av budsjett	193	193	193	193
E1	Sum tilpasningstiltak	93	93	93	93
E2	Barnebibliotekar			250	250
E3	Barne- og ungdomsarbeidar	400	400	400	400
E4	Fornyng datamaskinpark	70	40	40	40
E5	Utvide kyrkjeverjestilling	70	70	70	70
	SUM inkludert i ny ramme	826	796	1 046	1 046

9.2.3 Kommentar til driftstiltaka

E0 Sum framskriving av budsjett

Framskrivninga er basert på ein lønsauke på 3,3%, ein auke i kostnader til kjøp av varer og tenester på 2,3% og ein deflator (brukt på inntekter) på 3,0%.

E1 Sum tilpasningstiltak

Tilpasningstiltak er endringar som er knytta til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsaukeauka men som er nødvendige for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under tilpasningstiltak eller nye tiltak. For detaljar sjå i vedleggsheftet. Dette gjeld i hovudsak utnulling av interkommunalt opplæringskontor eg endra ordning for distriksveterinærsamarbeidet på Ytre.

E2 Barnebibliotekar

Kommentar frå einingsleiar:

Viktig å få born og unge til å lese og bruke biblioteket, difor stort behov for ein barnebibliotekar. Får ein midlar til 50%-stilling, kan det kombinerast med ev vakanse til ei heil stilling.

Rådmannen finn ikkje rom for dette tiltaket før i 2017

E3 Barne- og ungdomsarbeidar

Det er eit stort behov for å tilsette ungdomsarbeidar i kommunen. Kulturområdet hadde midlar til dette, dei vart inndregne til andre formål i 2014. Denne summen tilsvarar det det trengst for å drifte ei 50% stilling som barne- ungdomsarbeidar pluss kontorhald.

E4 Fornyng datamaskinpark

Kommentar frå einingsleiar:

Stort behov for fornyng av maskinparken ved Ressurscenteret. Maskinen er no 7-8 år gamle, og ifylgje IT-avdelinga fungerer dei på overtid. Det må kjøpast nye til lærarane og til bruk på interne/eksterne kurs.

Rådmannen går inn for å leige utstyr i staden for å kjøpe.

E5 Utvide kyrkjeverjestilling

Kommentar frå kyrkjevergen:

Kyrkjeverjestillinga er svært omfattande: Ansvar for økonomi og budsjett, ansvar for kyrkje- og kyrkjegardsdrift, sakshandsamar og sekretær for sokneråd og fellesråd, leiing av kyrkjekontoret og personalansvar for dei tilsette (6-7 personar). Alt dette er lovpålagde ting, og det er heilt uråd å gjere ein fullgod jobb i ei 70%-stilling. Mao er det ein del ting som no ikkje vert gjorde – noko som er uholdbart i lengda.

I etterkant har soknerådet redusert forslaget frå kr 220 000 til kr 70 000, noko rådmannen sluttar seg til.

9.2.4 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2015	ØP201 6	ØP201 7	ØP201 8
I – 36	Ovrasanden friluftsområde - vidareføring tilrettelegging			200	200
I - 37	Kvitnes dokumentasjonssenter			250	250
I – 38	Ovra -skilting av kulturminne			150	
I – 39	Kulturminneplan		150	100	
I – 40	Ny prestebustad	4 750			
I – 41	Oppgradering ventilasjonsanlegg - musikk- og kulturskulen		150		
I – 42	Hareidhallen/symjehall-Ny taktekking			500	
I – 43	Brannvarsling, Hareidhallen	400			
I – 44	Hareid Sokn - Asfaltering lys m.m.	150			
I - 45	Kyrkjegarden, utviding	1 000	1 000		
Sum sektor for næring, kultur og samfunnsutv.		6 300	1 300	1 200	450

9.2.5 Kommentar til investeringstiltaka

I - 36 Ovrasanden friluftsområde - vidareføring tilrettelegging

Reg.arbeid forventa gjennomført i inneverande år. Det er oppført midlar til detaljprosjektering og førebuarde arbeid til grunnnerverv mot slutten av perioden.

I - 37 Kvitnes dokumentasjonssenter

Kvitnes dokumentasjonssenter skal utviklast som dokumentasjonssenter for krigshistoria frå andre verdskrigen, kulturminne, rekreasjonsområde m.m. Interkommunalt prosjekt. Det er avsett kr 500 000 dei to siste åra i planperioden-

I - 38 Ovra -skilting av kulturminne

Kommentar frå einingsleiar:

Skilting av kulturminna ved Ovra har vore i planane lenge. Med eksternhjelp frå kulturavdelinga på fylket vonar ein å kunne sette i verk arbeidet med dette i 2015.

Rådmannen har ikkje funne rom for dette før i 2017.

I - 39 Kulturminneplan

Det er føresett utarbeiding av kulturminneplan i denne kommunestyreperioden i samsvar med vedtak i Planstrategi for Hareid kommune.

Einingsleiar sitt framlegg om gjennomføring i 2015 og 2016 er skjøve eitt år fram i tid.

I - 40 Ny prestebustad

Prosjektet har vore ute på anbod og eit relativt sikkert kostnadsestimat på 5,6 mill. kroner ligg føre. Fylkesmannen har i 2014 gjeve klarsignal for eit låneopptak på 3,1 mill. kroner, og det er tilgjengelege fondsmidlar til resten, m.a. frå sal av den gamle prestebustaden. Det er føresett grunnnervv og tomtetekniske arbeid i 2014 med 0,85 mill. kroner. Det avsette beløpet i 2015 på 4,75 mill. kroner skal dekke ferdigstilling av prosjektet.

I - 41 Oppgradering ventilasjonsanlegg - musikk- og kulturskulen

Kommentar frå einingsleiar:

Ventilasjonsanlegg ved dei indre romma i musikk- og kulturskulen fungerer for tida ikkje. Når det fungerer er det for liten kapasitet. Dårleg luft og inneklime er resultatet, dette må ordnast på.

Rådmannen har ført opp naudsynt beløp i 2017.

I - 42 Hareidhallen/symjehal I- ny takteking

Hareidhallen/symjehallen har behov for ny takteking ca. 1000m².

Den aktuelle løyvinga er skjøve ut til 2017.

I - 43 Brannvarsling, Hareidhallen

Prosjekt overført frå 2014

I - 44 Hareid Sokn - Asfaltering lys m.m.

Kommentar frå kyrkjevevje:

Asfaltering av parkeringsplassen + lys: Parkeringsplassen ved kyrkja er ikkje i god stand, der er hol og store steinar kjem opp. Ei asfaltering ville avhjelpe dette, og også spare inn framtidige utgifter til grusing. I tillegg er det svært mørkt på parkeringsplassen, og det er derfor ynskjeleg med eit gatelys der. Ein vil lett kunne sette opp ei lykt i ein eksisterande stolpe. Kostnad: Kr 130 000 i 2015

Innspekt nytt beløp på kr 150 000 som rådmannen har teke med.

I - 45 Kyrkjegarden, utviding

Skjønnet for grunn til kyrkjegarden er no endeleg. Dei oppførde midlane i 2015 og 2016 går til 2. og 3. delutbetaling til grunneigarane i hht. inngått avtale og fasett pris.

9.3 Overordna målsettingar

9.3.1 Hovudmål

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling skal yte gode tenester i tråd med lover og regelverk som gjeld for sektoren. Ein skal arbeide for eit stimulerande oppvekst- og kulturmiljø for innbyggjarane i kommunen, ved å utvikle det kulturhistoriske Hareid, støtte det frivillige arbeidet og gje bidrag til ei positiv utvikling for Hareid kommune.

9.3.2 Utviklingsmål

- Sikre gode arenaer og godt fritidsmiljø som fremjar god utvikling for innbyggjarane i kommunen
- Arbeide for å engasjere innbyggjarane i prosjektet Friluftslivets år 2015.
- Vere pådrivar for bygging av bustadar til flyktningar, så kommunen kan oppfylle sitt vedtak om å ta imot 10 flyktningar i 2015
- Arbeide vidare med å utvikle prosjekta/planane for Ovrå og Kvitneset.

- Arbeide for å styrke fokus på budsjettet som styringsverktøy og redusere avviket mellom budsjett og rekneskap.
- Utvikle vidare arbeidet med styringskort for einingane

9.3.2.1 Styringskort m/kommentar – Hareid folkebibliotek

STYRINGSKORT SEKTOR FOR NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING		
Hareid folkebibliotek	Status	Mål
Resultatmål	2013	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Besøk pr. innbyggjar opp frå 3,4 til 3,8 pr. innbyggjar (Nasjonalt = 4,2)	3,4	3,8
Vidareføre antall bokutlån pr. innbyggjar 0-13 år (Nasjonalt = 9,6)	10,9	11
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100 %
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)		
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)		0 %

I tillegg til måla i styringskortet vil biblioteket i 2015 arbeide vidare med å etablere biblioteket som møtestad for innbyggjarane i kommunen. Biblioteket er ein viktig faktor og studiestad også for barnehagane, skulane og elevane ved Ressurssenteret. Særleg fokus dette året vil ein rette mot born og ungdom si leselyst.

9.3.2.2 Styringskort m/kommentar – Musikk- og kulturskulen

STYRINGSKORT SEKTOR FOR NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING		
Musikk- og Kulturskulen	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
1.Venteliste for elevar på gruppeundervisning bør vere null.	95%	98%
2.Andel born i Hareid 3-18 år som er elevar i musikk/kulturskulen bør ligge på 38%	95%	95%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100%
Nærværprosent medarbeidarar		
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)		
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	0%	0%

Hareid musikk- og kulturskule arbeider i tillegg for å gje elevane eit tilbod for opplæring, skaping og utøving av kunst og kultur. Målet er å gje elevane ein varig og meningsfull fritidsaktivitet og eit godt grunnlag for seinare yrkesutdanning innan kulturfag. Samstundes skal opplæringa fungere som tradisjonsberar og nyskapar for det lokale musikk- og kulturlivet.

9.3.2.3 Styringskort m/kommentar – Ressurssenteret

STYRINGSKORT SEKTOR FOR NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING		
Ressurssenteret	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
<i>Norskopplæring:</i> Av dei med rett og plikt til norskopplæring, skal 65% klare norskprøve-eksamen		65%
<i>Introduksjonsprogrammet:</i> Av introduksjonselevane skal 55% vidare til arbeid eller utdanning etter avslutta program		55%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	100%	100 %
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)		
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)		0 %

Ressurssenteret består av vaksenopplæringa, introduksjonsprogram for flyktningar og flyktningkontor.

Senteret driv norskopplæring for flyktningar og arbeidsinnvandrarar, spesialopplæring for vaksne heimla i opplæringslova §4A-2, grunnskuleopplæring for vaksne etter Opplæringslova §4A-1, kurs i BKA (Basiskompetanse i Arbeidslivet) for kommunalt tilsette og private bedrifter.

10 SEKTOR FOR KOMMUNALTEKNISK DRIFT

Sektorleiar: Kommunalsjef Nils Yngve Nupen

10.1 Sektorstruktur

10.1.1.1 Eining kommunalteknikk og VAR har fylgjande ansvarsområde:

- Administrasjon
- Vegar og gater
- Gatelys
- Park / grøntanlegg / idrettsanlegg
- Hamnevesen
- Vassforsyning
- Kloakknett
- Slamtøming
- Renovasjon

10.1.1.2 Eining kommunal eigedom/FDV har fylgjande ansvarsområde:

- Administrasjonsbygg
- Barnehagar
- Kulturbygg
- Helseinstitusjonar
- Industribygg
- Skuler
- Utleigebustader

10.1.2 Om tenestene

10.1.2.1 Kommunalteknikk og VAR:

Ansvarsområda er leia av ein einingsleiar som har ansvar for økonomi og personal i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingssleiar rapporterer til kommunalsjef.

Drift og vedlikehald av:

- Kommunaltekniske anlegg som veg, vatn, avløp/drens og overvatn
- Grøntanlegg, parkar og idrettsanlegg
- Hamner, og overordna ansvar for hamnesikring ISPS

10.1.2.2 Kommunal eigedom/FDV:

Ansvarsområda er leia av ein einingsleiar som har ansvar for økonomi og personal i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingssleiar rapporterer til kommunalsjef. Leiande vaktmester har dagleg ansvar for vaktmeisterane. Leiande reinhaldar har dagleg ansvar for reinhaldarane.

Eininga har ansvar for:

- å gjennomføre pålagde brannverntiltak i kommunale bygg
- vedlikehald av bygningsmassen
- «e-fokus» og energioppfølging
- kontrakter/ økonomi ved utleige av husvære
- reinhald av formålsbygg
- at beredskapsplaner vert utarbeidd for sitt område
- forsikringssaker som vedkjem eininga
- utvikling og utarbeiding av nye prosjekt
- IK/HMS
- prosjektleiing av byggeprosjekt

10.1.3 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Tilrettelegge for kvalitet i alle ledd. Styrking av fagmiljø, internkontroll og opplæring. Fokus på at drifta vert utøvd i samsvar med tildelte ressursar. Melde inn behov.

10.2 Årsverk og driftstiltak

10.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2013	Årsverk 01.10.2014	Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2015
Kommunalsjef	1,00	1,00	1,00
Komm. teknisk kontor	1,00	1,00	1,00
Vegar	0,60	1,10	1,10
Park- og grøntareal	1,00	1,00	1,00
Vatn	4,45	3,70	3,70
Avløp	3,45	4,70	4,70
FDV-bygningar	1,00	1,00	1,00
Vedlikehald	3,45	3,45	3,45
Reinhald	12,14	12,44	12,44
Sum adm. sektor	3,00	3,00	3,00
Samla årsverk	28,1	29,4	29,4

NB! Same antal tilsette, men omlegging i lønsføring til aktuelt arbeidsområde.

Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2015 – 2018		Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
SEKTOR FOR KOMMUNALTEKNISK DRIFT					
F0	Sum framskriving av budsjett	-137	-137	-137	-137
F1	Sum tilpasningstiltak	1063	1063	1063	1063
F2	1 vaktmeisterstilling	500	500	500	500
F3	Husleige kyrkjekontor i Floten	280	280	280	280
	SUM inkludert i ny ramme	1 706	1 706	1 706	1 706

10.2.2 Kommentar til driftstiltaka

F0 Sum framskriving av budsjett

Framskrivinga er basert på ein lønsauke på 3,3%, ein auke i kostnader til kjøp av varer og tenester på 2,3% og ein deflator (brukt på inntekter) på 3,0%.

F1 Sum tilpasningstiltak

Tilpasningstiltak er endringar som er knytta til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke men som er nødvendige for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under tilpasningstiltak eller nye tiltak. For detaljar sjå i vedleggsheftet. Beløpet gjeld i hovudsak utnulling av framskrevne inntekter på sjølvfinansierande ansvar samt budsjettregulering av oktober 2014.

F2 1 vaktmeisterstilling

Vedlikehold av kommunale bygg har alt for lite ressursar til å drive eit forsvarleg vedlikehold og til å dekke opp dei tenestene som blir forventa av brukarane av bygga. Både sektor for

oppvekst og sektor for velferd ønskjer eigne vaktmeistrar, men rådmannen meiner at styrkinga bør gå inn i eksisterande sentraliserte system.

F3 Husleige kyrkjekontor i Floten

Husleigekostnader i nye lokalar for kyrkjekontoret.

10.2.3 Investeringsiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2015	ØP2016	ØP2017	ØP2018
I - 46	Fast dekke	300	300	300	300
I - 47	Gjerdeelva, førebygging	500			
I - 48	Traktorklippar /raider	150		150	
I - 49	Hareid hamn-rehab betongkai				1 500
I - 50	Ny vassleidning over Eidet, reservevassforsyning	5 450			
I - 51	Fornying vassleidningsnett	300	300	300	300
I - 52	Inntak Hammarstøylsvatnet		1 800		
I - 53	Lavtrykksledning Bigset-Rise		1 000		
I - 54	Pumpestasjon Teigane	800			
I - 55	Avløpsanlegg Hareid hamn, nordre molo	2 200			
I - 56	Fornying kloakkledningsnett	400	400	400	400
I - 57	Avløpsnett Bigset-Rise, fellesanlegg				
I - 57	VA		2 500		
I - 58	Sideforgreining Hovden-Mork		800		
Sum sektor for kommunalteknisk drift		10 100	7 100	1 150	2 500

10.2.4 Kommentar til investeringstiltaka

I - 46 Fast dekke

Gjeld generell fornying av asfaltdekket på kommunale vegar. Dette er ei minimumsbudsjettering.

I - 47 Gjerdselva - førebygging

Var godkjent i det opphævelege budsjettet for 2014. Er foreslege på nytt i 2015. Prosjektet gjeld utbetring av elveløp og inntaksarrangement der elva blir lagt i rør.

I - 48 Traktorklippar /raider

Prosjektet gjeld fornying av gammalt grasklippeutstyr

I - 49 Hareid hamn-rehab betongkai

Betongkaia må rehabiliterast dersom den skal kunne nyttast som transportkai.

I - 50 Ny vassleidning over Eidet, reservevassforsyning

Prosjektet vart oppstarta i 2014, og forslaget til løyving skal gje midlar til slutføring i 2015. . Det knyter saman ny trase over Hareidseidet med eks. PVC-leidning på Rise. Totallengde

850m, herav 475m asbest som blir skifta. Ledningsdimensjon skal aukast til 225 mm PVC. Det må også byggast trykkreguleringsstasjonar som skal innehalde utstyr for både trykkforsterking (vatn frå Hareid til Ulstein) og trykkreduksjon (vatn frå Ulstein til Hareid. Anlegget er naudsynt for å få i stand eit system med gjensidig reservevassforsyning mellom Hareid og Ulstein.

I - 51 Fornyning vassleidningsnett

Midlane skal nyttast til uspesifisert utskifting av utdaterte leidningsnett og kummar.

I - 52 Inntak Hammarstøylsvatnet

Lekkasje gjennom demninga gjer det naudsynt med ny inntaksledning. Prosjektet var opphavelg på budsjettet for 2014, men er frå rådmannen si side føreslege utsett til 2016.

I - 53 Lavtrykksledning Bigset-Rise

Ledninga vil gje vassforsyning til 6-7 husstandar og framtidig utbygging ihht. kommuneplan.

I - 54 Pumpestasjon Teigane

Må til for å auke vasstrykket i området.

I - 55 Avløpsanlegg Hareid hamn, nordre molo

Anlegget vart sett i gong hausten 2014, og det oppførde beløpet skal dekke slutføring og ferdigstilling av prosjektet våren 2015.

I - 56 Fornyning kloakkledningsnett

Midlane skal nyttast til uspesifisert utskifting av utdaterte avløpsnett og kummar.

I - 57 Avløpsnett Bigset-Rise, fellesanlegg VA

Ledninga vil kunne samle avløp frå 6-7 husstandar og framtidig utbygging ihht. kommuneplan.

I - 58 Sideforgreining Hovden-Mork

Ledninga må til for å kunne ta inn på nye abonnentar i området.

10.3 Overordna målsettingar

10.3.1 Hovudmål

- Yte gode tenester med dei resursane vi rår over
- Bygge ut ein god infrastruktur
- Sikre god og trygg vassforsyning
- Gjennomføre tiltak i samsvar med godkjend hovudplan for avløp.
- Yte godt vedlikehald av dei kommunale vegane innanfor vedtekne økonomiske rammer
- Eininga skal sjå til at Hareid hamn vert forsvarleg drifta
- Forvalte kommunen sine eigedommar på ein forsvarleg måte, og syte for at bygningsmassen til kommunen har ein best mulig standard, innanfor disponible økonomiske rammer

- Ha fokus på at dei kommunale bygningane er trygge og forsvarlege for brukarane, og at bygningane får eit godt vedlikehald
- Ansvar for at vedlikehaldsarbeid som treng investeringsmidlar vert rapportert inn til rådmann / kommunestyre via kommunalsjef

10.3.2 Utviklingsmål

- Kommunale avløpsanlegg skal planleggast, byggast og driftast med fagkunnskap
- Revidere trafikktryggingsplan og gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsprogram
- Kvalitetssikring av vassforsyning
- Revidere avløpsplan i perioden 2015-2018
- Gjennomføre tiltak i samsvar med overordna miljøkrav
- Gjennomføre krav til Internkontrollsystem for vatn og avløp (IKS), HMS
- Utarbeide plan og handlingsprogram for vegvedlikehald
- Utarbeide plan og handlingsprogram for park- og grønt vedlikehald
- Ha gode rutinar for ettersyn/ vedlikehald og rapportering
- Ha eit løpande vedlikehald, reinhaldsrutiner og kontinuerlig oppsyn med utleigeobjekt
- Utarbeide ein 5-årsplan for bygningsmassen for vedlikehald
- Ha fokus på tiltak som kan gi lågare energikostnader

STYRINGSKORT		
Kommunalteknisk drift	Status	Mål
Resultatmål	2014	2015
Fornøgde brukarar/tenestekvalitet:		
Andel av befolkninga tilknytta kommunal avløpsteneste	85,3	87
Andel av befolkninga som er tilknytta kommunal vassforsyning	83,6	85
Er du fornøgd med vasstrykket	5,4	6,0
Er du fornøgd med smaken på drikkevatnet	5,8	5,8
Gjennomgang av arbeidsfordeling vaktmeister / brukar	40%	100%
Innarbeiding av gode rutinar for samordning og informasjon	-	100%
Implementering av Famac som styringsverktøy	40%	100%
Einingsleiar må vere tilgjengeleg i kontortid	85%	90%
Kvalitet	75%	100%
Service	80%	100%
Fornøgde medarbeidarar:		
Gjennomført medarbeidarsamtalar	60%	100 %
Nærværprosent medarbeidarar	96,4%	97%
Stoltheit over eigen arbeidsplass (skala 1-6)	4	6
God ressursstyring:		
Samsvar budsjett/rekneskap (meirf./mindref.+)	?	0 %

Egen statistikk og Kostra



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5 6060 Hareid
Tlf +47 70 09 50 00
postmottak@hareid.kommune.no